

Linja



MNOK 758
DRIFTSRESULTAT



MNOK 441
INVESTERT



MNOK 6 249
NETTKAPITAL

ÅRSRAPPORT
2025

Linja er livsnerven i samfunnet

Linja fraktar straumen gjennom djupe dalar, over breie fjordar og fram til folk og bedrifter. Det har gjort oss til livsnerven for både kvardagsliv og næringsliv. Vi byggjer, planlegg og held straumnettet ved like for framtida. Våre tilsette er alltid på jobb, alltid klare og alltid til stades.

INNHALD

Administrerende direktør har ordet	Side 04
Organisasjon og bakgrunn	Side 06
Nøkkeltal	Side 09
Årsmelding frå styret	Side 10
Resultat	Side 17
Balanse	Side 18
Kontantstraumoppstilling	Side 20
Notar til rekneskapen	Side 21
Revisjonsmelding	Side 42
Strategi og framtidsutsikter	Side 44
Berekraft	Side 46
HMS	Side 48
Mangfald	Side 50
Kundesenter	Side 52
Divisjon Nettutvikling	Side 54
Divisjon Nettforvaltning	Side 56
Divisjon Utførar	Side 58
Divisjon Kraftsystemdrift.....	Side 60
Divisjon for teknologi	Side 62
Styret og leiargruppa i Linja	Side 64

The Linja logo is centered on the page. It consists of the word "Linja" in a bold, black, sans-serif font. The letter "i" has a horizontal bar above it. The logo is set against a white circular background that has a subtle drop shadow, making it stand out from the dark green background of the page.

ADMINISTRERANDE DIREKTØR HAR ORDET

Samfunnet vårt er i endring, og straumnettene har ei stadig meir sentral rolle i denne endringa. I Linja sitt område har kundane våre mange nye prosjekt, både for å produsere straum og bruke straum.

Straumnettene må utviklast for å legge til rette for denne omstillinga, og behovet for meir nett har kome raskare enn mange har sett føre seg. Resultatet er at kapasiteten i straumnettene er sett under sterkt press i heile landet. Også i vår region, som er prega av ei lang kystlinje med eit næringsliv som har høg aktivitet, står det prosjekt og næringskunder i kø og venter på nett-tilknytning.

Skal samfunnet lukkast trengs vi eit velfungerande straumnett, med rett kvalitet og kapasitet til rett kostnad. Straumnettene kan ikkje være bremseklossen for næringsutvikling og grøn omstilling. Samstundes kan ikkje alle utfordringar løysast med nye nettanlegg og nye naturinngrep. Raskaste vegen til meir kapasitet er å sikre best mogleg utnytting av eksisterande nett. Dette set krav til ny teknologi som både sikrar god kunnskap om tilstand og belastning i nettet, og legg til rette for fleksibel bruk. Her deltek vi aktivt i fleire nasjonale Forsknings- og utviklingsprosjekt.



Høg aktivitet og nye investeringar kan påverke omgjevnadene våre, men også medarbeidarane i selskapet. Vi arbeider difor aktivt med selskapet sine berekraftstrategiar, forpliktande målsettingar og rapportering på berekraftsområdet. Ein sentral del av god berekraft er også å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø. HMS-arbeidet i selskapet har difor mykje merksemd både i kvardagen og i strategiarbeidet vårt, der risikovurderingar har ein sentral plass.

Beredskap, og evna til å oppretthalde straumforsyninga under krevjande forhold, er svært viktig for Linja. Dei seinaste ti-åra har dette arbeidet vore fokusert mot aukande klimapåkjenningar og hyppigare ekstremver. Det er med stort alvor vi dreier vår beredskap mot det som krevst av oss i ei meir uroleg verd. Straumnettene og kraftsystemet er attraktive mål for framande makter i krig og konflikt. Tilpassing av beredskapsevne og -kapasitet har kome inn for fullt i løpet av 2025, og vert løfta vidare inn i 2026.

Høg aktivitet og høg beredskap set krav til kompetanse, effektiv drift og økonomisk løfteevne. Dagens struktur av nettselskap i Norge er framleis prega av ein del små og mellomstore nettselskap som har ulike føresetnader for å møte behov for framtida. Linja fortsett sitt arbeid for strukturendringar, der fusjon eller oppkjøp kan gje eit enda sterkare nettselskap som både evnar å tilrettelegge for ny nettkapasitet og møte nye beredskapskrav.

Linja er no mellom dei største nettselskapa i Noreg målt i nettkapital, og vi har om lag 107 500 kunder i distribusjonsnettene våre. Eitt av måla våre er å møte utfordringar ved å investere i digitale løysingar som skal støtte ein effektiv og desentralisert organisasjon og ei lågast mogleg nettleige. Dette til det beste for både kundar, medarbeidarar og eigarar.

Året som har gått har vore prega av omstilling, høg aktivitet og aukande kompleksitet i alle delar av verksemda og vi har hatt større utfall i nettet forårsaka av ekstremvær. I dette krevjande landskapet har medarbeidarane våre levert med stort engasjement, høg fagleg kompetanse og god gjennomføringsevne. Eg vil rette ei oppriktig takk til alle.

Eg vil òg takke styret for godt samarbeid og verdifulle strategiske innspel gjennom året. Den langsiktige støtta frå eigarane våre gir verksemda nødvendige rammer for utvikling og fornying.

Ei særskild takk går også til samarbeidspartnarar og leverandørar som har bidrege i våre prosjekt og til trygg, effektiv og stabil drift av nettet. Dei gode relasjonane vi har i heile verdikjeda er avgjerande for at vi kan levere på samfunnsoppdraget vårt.

Tilslutt vil eg rette ei takk til kundane våre for konstruktivt og tillitsfullt samarbeid.


Helge Robert Midtbø

Administrerende direktør Linja AS

Vi har siste åra gjennomført fleire prosjekt som støttar strategien vår:

- Nettselskapet Brenett i Stryn vart ein del av Mørenett i 2021.
- I 2021 overtok Linja regionalt distribusjonsnett frå Statnett. Nettet går frå Fortun til Øvre Årdal og frå Moskog til Høyanger.
- I desember 2022 fatta eigarane av Linja og Mørenett vedtak om fusjon. Det nye selskapet vart operativt i mars 2023.
- Linja tok over Tindra, nettselskapet i Stranda kommune, i november 2023. Det vart fusjonert inn som ein integrert del av Linja i januar i 2024.
- Linja gjennomførte kjøp av 132 kV regionalt distribusjonsnett frå Statnett 1. juli 2024. Nettet var tidlegare transmisjonsnett, men vart vedteke omklassifisert i desember 2022. Nettet har ei utstrekning frå Ørskog til Orkdal, og frå Sunndalsøra til Vågåmo.





- **107 500 kunder**
- **282 fast tilsette - inkludert 18 lærlingar**
- **15 kontor og oppmøteplassar**
- **Straumnett i 34 kommunar**
- **13 150 km linjer og kablar**
 - tilsvarande sju gonger Noreg på langs

Organisasjon og bakgrunn


Linja er mellom dei største nettselskapa i Noreg og eit leiande kompetanse- og teknologiselskap innan elektrifisering av Nordvestlandet. Linja legg til rette for ei meir berekraftig framtid – vi gir kraft til nyskaping og utvikling.

Linja er eit resultat av ein fusjon som vart gjennomført 8. mars 2023 mellom tidlegare Linja og Mørenett. Gjennom å samle dei to sentrale nettverksemdene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane står vi betre rusta for framtida. Tidlegare Tindra, nettselskapet i Stranda Energi, vart ein del av selskapet 3.1.2024.

Ved utgangen av 2025 hadde Linja 282 medarbeidarar. Av desse var det 18 lærlingar. Samla vert det utført 272 årsverk.

Organisering

Linja er eit felleskontrollert selskap, eigd av Tafjord Kraft med 33,8 prosent, Sogn og Fjordane Energi med 33,3 prosent og Tussa Kraft med 32,9 prosent. Linja er organisert i sju divisjonar; nettutvikling, nettforvaltning, utførar, kraftsystemdrift, teknologi, og stabane økonomi og selskapsstyring, og organisasjon.



ORGANISASJONSKART





Linja sørger for straum til 170 500 innbyggjarar med 13 150 km straumnett frå Askvoll i sør til Ålesund i nord.

Saman gir vi kraft til nyskaping og utvikling.

NØKKELTAL

Tal i mill. kr

Resultat og balanse	Merknad	2025	2024	2023
Energisal		7,7	9,2	12,2
Nettleige		1 940,4	1 582,1	1 124,0
Driftsinntekter		1 982,2	1 637,1	1 246,2
Driftsresultat		758,4	412,3	399,2
Årsresultat		457,9	177,9	209,7
Totalkapital		7 639,9	7 203,0	6 334,7
Eigenkapital		2 706,0	2 301,7	2 154,0
Utbyte		117,0	88,9	63,0
EBITDA	<i>Driftsresultat+avskrivningar</i>	957,5	633,0	583,1
Årlege investeringar		440,7	891,4	515,2
Driftsresultat monopol (inkl estimatavvik)		573,0	503,7	385,4

Lønsemd				
Totalkapitalrentabilitet	<i>(Resultat før EOP + finanskostnader)/Gjennomsnittleg totalkapital</i>	10,7 %	6,3 %	8,8 %
Eigenkapitalrentabilitet	<i>Resultat før EOP/Gjennomsnittleg eigenkapital</i>	23,6 %	10,4 %	17,3 %
Resultatgrad	<i>(Resultat før EOP+rentekostnader)/(Driftsinntekter+Finansinntekter)</i>	39,4 %	25,9 %	32,8 %
EBITDA interest coverage	<i>(EBITDA/Finanskostnader)</i>	4,7	3,2	4,3
Langsiktig gjeld/EBITDA	<i>(Langsiktig gjeld-bankinnskot frie midlar)/EBITDA</i>	4,0	6,2	6,0

Kapitaltilhøve				
Eigenkapitalprosent	<i>Eigenkapital/Totalkapital</i>	35,4 %	32,0 %	34,0 %
Rentedekningsgrad	<i>(Resultat før skatt+ finanskostnader)/Finanskostnader</i>	3,9	2,2	3,0
Likviditetsgrad 1	<i>Omløpsmidlar/kortsiktig gjeld</i>	1,4	1,5	1,8
Utbyteprosent	<i>Utbyte/årsoverskot</i>	25,5 %	50,0 %	30,0 %

Personal				
Tal fast tilsette	<i>Fast tilsette ekskl. lærlingar</i>	264	276	280
Omsetning pr. tilsett	<i>Omsetning/fast tilsette</i>	7,5	5,9	4,5
Driftsresultat pr. tilsett	<i>Driftsresultat/fast tilsette</i>	2,9	1,5	1,4

Nøkkeltal bransje				
Bokført nettkapital (mill. kr)		6 248,7	5 960,8	5 149,5
Avkastningsgrunnlag (mill kr)	<i>Gj.snitt BV dr.middel inkl 1 % påslag arbeidskapital</i>	6 168,6	5 611,9	4 946,7
Avkastning monopol (%)	<i>Driftsresultat monopol/avkastningsgrunnlaget</i>	9,3 %	9,0 %	7,8 %
DEA-score etter kalibrering (%)		92,4 %	91,5 %	97,9 %
Leverte sluttbrukar distribusjonsnett GWh		2 935	2 900	2 726
Tap i distribusjonsnett GWh		158,5	123	126,0
Tap i distribusjonsnett i %		4,1 %	3,2 %	3,6 %
Tap i regionalnett GWh		123,0	165,8	135,8
Tap i regionalnett i %		0,6 %	1,1 %	1,3 %
KILE i mill.kr	<i>Kvalitetsjustert inntektsramme ved ikkje levert energi</i>	49,3	45,0	37,5

Årsmelding frå Styret

Lokalisering

Linja AS sitt nettområde er på nordvestlandet i delar av fylka Vestland, Møre- og Romsdal, Trøndelag og Innlandet. Linja har konsesjon for distribusjon av straum i totalt 34 kommunar. Selskapet sitt hovudkontor ligg i Dragsund i Herøy kommune, og det er avdelingskontor i Ålesund, Stryn, Sandane og Florø. Selskapet har 15 montørbasar fordelt utover nettområdet.

Verksemda

Linja AS er eit felleskontrollert selskap eigd av Tafjord Kraft AS med 33,8 %, Sogn- og Fjordane Energi AS med 33,3% og Tussa Kraft AS med 32,9 %. Linja AS har ansvar for overføring av elektrisk energi og byggjer ut, driftar og eig eit energiforsyningsnett med 5 060 nettstasjonar og 75 transformatorstasjonar. Frå 8. mars 2023 fusjonerte Mørenett AS med Linja AS. Linja har ein nettkapital på MNOK 6 249 og 107 500 kundar. Ved utgangen av 2025 hadde Linja 264 fast tilsette.

Verksemda er underlagt regulering av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) ved Reguleringsmyndigheten for energi (RME). Reguleringa sett klare rammer for tillat overføringsinntekt, og gjennom denne nivået på nettleiga.

Selskapet er organisert etter eit bestillar-utførar-prinsipp med divisjonane nettutvikling, nettforvaltning, utførar, kraftsystemdrift og teknologi. Vi har to stabar: organisasjon og økonomi- og selskapsstyring inklusiv kundesenter, som skal støtte dei ulike prosessane i selskapet. Selskapet har døgnopen driftssentral.

Linja sin visjon er:

«Vi gir kraft til nyskaping og utvikling».

Verdiane er i våre tankar i dagleg arbeid og i vår åttferd; vi er handlekraftige, pålitelege og trygge.

Linja har tre strategiske hovudretningar:

Verdiskapande – Kundevenleg – Berekraftig, og det er ei overordna målsetting knytt til kvar av dei tre hovudretningane:

Verdiskapande - Linja skal vere minst 100% effektiv frå 2026, og år for år vidare.

Kundevenleg – Linja skal levere nettkapasitet i takt med samfunnet sine behov.

Berekraftig – Linja skal vere ein trygg arbeidsplass som tek tydeleg miljøansvar.

Styret sitt arbeid

Styret gjennomførte 13 styremøte i 2025, der sju av møta var ekstraordinære. I tillegg til dei ordinære oppgåvene knytte til forvaltning av foretaket, har styret i Linja hatt særleg fokus på følgande område i 2025:

- Å styrke effektiviteten i verksemda og sikre måloppnåing om å liggje minst på nivå med bransjesnittet over tid.
- Å sikre gode og hensiktsmessige investeringar i nettet og solid prosjektgjennomføring.
- Å styrke samhandlinga mellom selskapet og berekraftsområdet.
- Rekruttering av ny administrerande direktør.

Atle Isaksen fungerte som administrerande direktør i 2025, og styret tilsette Helge Robert Midtbø som ny direktør den 28.10.2025. Midtbø tok til i stillinga 01.02.2026. I juni 2025 vart Erik Espeset ny styreleiar i selskapet.

Nettet sin tilstand og utvikling av nettet

Forbruket i Linja AS sitt distribusjonsnett var 35 GWh høgare enn året før. I 2025 vart det levert 2 935 GWh til sluttbrukar, mot 2 900 GWh i 2024. Tapet i distribusjonsnettet i 2025 vart 158,5 GWh eller 4,1 % av levert energi.

Linja AS har ein leveringspålitelegheit på 99,97 %. Kundane opplevde i gjennomsnitt 4 avbrot gjennom året, med ei samla avbrotstid på om lag 220 minutt per kunde. Tala omfattar både planlagde og ikkje-planlagde avbrot.

Kile-kostnaden var MNOK 49 i 2025. Uvêret Amy var den mest kostbare enkelthendinga i 2025, og særleg vart nettet i kommunane Stryn, Volda og Herøy råka. Nokre delar av vårt område hadde få feil, og etter førespurnad frå Lede stilte vi med montørar i Telemark for å bidra i feilrettingsarbeidet etter uvêret.

Linja AS har i året gjort investeringar i ei rekke prosjekt.

Store enkeltprosjekt i nettet:

- Utviding og fornying av Giskemo transformatorstasjon vart avslutta.
- Spenningsoppgradering av nett frå 66 kV til 132 kV er i framdrift på Søre Sunnmøre og i Indre Nordfjord.
- Kapasitetsauke i regionalt distribusjonsnett i indre Sogn og til Florø by er i tidleg fase.
- I lokalt distribusjonsnett har det vore høg aktivitet knytt til fornying og kapasitetsutviding som følgje av nytilknyttingar og elektrifisering.

Analyse av årsrekneskapen

Inntektene i Linja blir i stor grad bestemt av NVE/RME gjennom tildeling av inntektsramme. Samla driftsinntekter for selskapet har auka frå MNOK 1 637 i 2024 til MNOK 1 982 i 2025. Driftsresultatet har auka frå MNOK 412 i 2024 til MNOK 758 i 2025 og årsresultatet auka frå MNOK 178 til MNOK 458.

Den største enkeltfaktoren som aukar inntektene i 2025 er tildelt harmoniinntekt etter vedtak frå RME på MNOK 269 som ei eingongseffekt. Resultatet i 2025 er ytterlegare styrka gjennom faktisk reduksjon av personal, drifts- og vedlikehaldskostnader. Avskrivingsplan på eigedelar er justert slik at våre avskrivningstider er meir i tråd med bransjen sine, også dette var med på styrke resultatet i året.

Linja AS har gjennomført forskings- og utviklingsaktivitetar tilsvarande MNOK 10.

Selskapet hadde ved utgangen av 2025 ei samla netto mindreinntekt på alle nettnivå inkl. renter på MNOK 239.

Samla kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar i selskapet er MNOK 674. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar er negativ med MNOK 439. Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar er negativ med MNOK 242.

Samla kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar viser ei auke frå 2024. Leverandørgjeld og avskrivningar er redusert. Endring i dei tidsavgrensa postane skuldast auka mindreinntekt som følgje av tildelt harmoniinntekt. Investeringane er redusert frå MNOK 935 i 2024 til MNOK 441 i 2025. Hovudårsaka er at vi i 2024 kjøpte anlegg frå Statnett. Likviditeten i 2025 var god, og med unntak av refinansiering av eksisterande lånegjeld tok selskapet ingen nye lån.

Anleggsmidlane er bokført med MNOK 6 895 ved utgangen av året. Nettkapitalen har auka frå MNOK 5 961 i 2024 til MNOK 6 249 i 2025. Omløpsmidlane er på MNOK 745.

Linja AS si likviditetsbeholdning var tilfredsstillande. Selskapet har evne til å finansiere drift og delar av investeringar gjennom tilgang til likviditet frå innbetalt nettleige og trekkrettar i bank.

Totalkapitalen var ved utgangen av året MNOK 7 640. Varige driftsmiddel er MNOK 6 453. Eigenkapitalen er MNOK 2 706, og eigenkapitaldelen er 35,4%. Linja AS har avsett utbytte på MNOK 117 i 2025, 25,5 % av resultatet etter skatt. Resultat etter skatt justert for harmoniinntekt gir utbytte på 50%.

Foretaksstyring

Styret har det overordna ansvaret for god foretaksstyring i selskapet. Selskapet følgjer tilråding gitt av «Norsk utvalg for eierstyring» (NUES). Styret har gjennom året lagt vekt på klare styringslinjer, tydeleg ansvarsdeling og god dialog med administrasjonen. Det er etablert system for internkontroll og risikostyring som bidreg til etterleving av lover og forskrifter.

Linja AS har teikna forsikring for styremedlemene og dagleg leiar knytt til mogleg ansvar overfor føretaket og tredjepersonar innanfor gjeldande rett.

Finansiell risiko

Overordna mål og strategi

Selskapet har som mål å sikre gode resultat og stabilt utbyte til eigarane, og søker å balansere gode resultat med berekraftig verdiskaping.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følge av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar. Pensjonsmidlane selskapet har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom høvesvis KLP, BKK Pensjonskasse og DNB Liv. Renterisiko påverkar selskapet gjennom nettregulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld. Styret sin politikk er at Linja AS ikkje driv sikring. Effekten av renteendringar vil delvis motvirke kvarandre gjennom endring i nettinntekt og endring i finanskostnader, og er dermed risikodempande.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følge av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forpliktingane sine. Risiko for tap på fordringar er vurdert som låg sidan 82 % av kundane inngår i avtale om gjennomfakturering som Linja AS har med kraftleverandørane. For alle desse kundane har selskapet sikkerheit for oppgjær gjennom bankgaranti stilt frå kraftleverandør.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at selskapet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i eignelutar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Linja AS er sikra naudsynt likviditet gjennom fleire bankar, og selskapet har tilgjengelege trekkrettar som sikrar likviditet framover. Risikoen blir difor vurdert som låg.



Arbeidsmiljø, inkludering og mangfald

Arbeidsmiljø

Linja deler Fornybar Norge sin visjon:

I Linja skal det vere trygt å jobbe. Alle skal kome friske og glade heim.

Ved utgangen av 2025 var det 282 tilsette i Linja AS. Av desse var det 18 lærlingar og tre mellombels tilsette. Samla vart det utført 272 årsverk, og selskapet hadde 264 fast tilsette.

I 2025 hadde Linja AS i alt tre skadar som har medført til saman 68 fråværsdagar. Målsettinga er null skader. Selskapet jobbar dagleg med helse, miljø og sikkerheit (HMS), og vil halde fram arbeidet med mål om å redusere arbeidsulykkene i selskapet. Linja AS har bedriftshelsetenesta med på laget i det førebyggjande HMS-arbeidet.

Linja AS hadde eit samla sjukefråvær på 5,1 %, der 3,6 % var langtidsfråvær og 1,5% var korttidsfråvær. Målet var 3,7% som er snittet i bransjen. Selskapet arbeider systematisk med å førebyggje og følgje opp sjukefråvær i lag med medarbeidaren, leiaren, bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivsteneste.

Arbeidsmiljøutvalet gjennomførte fire møter i året og handsama i alt 72 saker. Alle tilsette kan tileigne seg informasjon frå møta enten gjennom informasjon frå arbeidsgjevar og/eller gjennom tilsette sine organisasjonar. Linja har verneombod på alle oppmøte- og kontorlokasjonar. Det er god dialog og samhandling mellom verneomboda og leiinga i Linja.

Inkludering og mangfald

Linja AS har etiske reglar som støttar opp om arbeidet og gir retning for korleis medarbeidarane skal opptre overfor kvarandre, med kundar, leverandørar og samfunnet rundt oss. Linja AS godtek ingen form for diskriminering, og har rutine for varsling av kritikkverdige tilhøve.

Personalpolitikken er tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande åtferd. Retningslinjer for tilsetjing skal fremje likestilling og selskapet har eit kjønnsnøytralt lønnsystem som bidreg til lik handsaming. Fleksible ordningar gjer det mogleg for både menn og kvinner å kombinere jobb og familie på ein best mogleg måte.

Linja AS har 50 kvinnelege tilsette pr 31.12.2025. Av 264 fast tilsette gir dette ein del på 19 %. Kjønnsfordelinga i styret pr 31. desember 2025 er fem kvinner og fem menn. I selskapet si leiargruppe er fordelinga tre kvinner og åtte menn.

NØKKELTAL FOR LIKESTILLING

	Samla tal	Menn	Kvinner	Kvinnedel
Aksjonærvalde styremedlemmar	6	3	3	50 %
Tilsettvalde styremedlemmar	4	2	2	50 %
Leiargruppa	10	7	3	30 %
Avdelings- og fagleiarar	26	22	4	15 %
Tal lærlingar	18	15	3	17 %
Fast tilsette	264	214	50	19 %

Vi syner til årsrapporten sitt kapittel om Mangfald for meir informasjon.

Openheitslova

Linja gjennomfører aktsemdvurderingar i samsvar med OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap, og vi svarar på førespurnader etter årmenta. Vi gjer greie for arbeidet med grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold i eige dokument som ligg på vår heimeside. Vi vil publisere dokumentet for 2025 innan 30. juni. Linja AS skal, etter openheitslova, gjere greie for arbeidet med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og dokumentet ligg på www.linja.no.

Ytre miljø

Nettverksemda påverkar det ytre miljøet gjennom bygging og drift av luftlinjer, jord- og sjøkablar og transformatorstasjonar. Det ytre miljøet blir påverka reint visuelt, samstundes som det legg beslag på areal og medfører restriksjonar på anna verksemd nær linjene.

Linja AS legg vekt på at kraftlinjer skal plasserast der den visuelle effekten blir minst mogleg skjemmaende, og det blir lagt vekt på bruk av miljøvennlege produkt. Vi samarbeider med andre selskap i bransjen for å finne gode løysingar ved val av produkt som reduserer negativ påverknad på det ytre miljøet.

Linja er godt i gang med utarbeiding av klimarekneskap etter Scope 1 og 2, og vi har iverksett mange tiltak for å redusere klimaavtrykket vårt. Selskapet har fokus på utslepp av den miljøskadelege gassen SF₆, utslepp frå eigen bilpark og drift av våre eigne bygg.

Samfunnsikkerheit, nasjonal sikkerheit og beredskap

Eit samla sett med opne trusselvurderingar (frå PST, Etterretningstenesta, Nasjonal Sikkerhetsmyndighet og KraftCERT) peikar på viktigheita av eit fungerande kraftsystem i krise og krig. Av same årsak er kraftsystemet i vår geopolitiske situasjon eit sannsynleg mål for sabotasje eller angrep. Risikovurderingane våre vert oppdatert med nye dimensjonerande scenarior i samsvar med trusselvurderingane. Vår beredskapsevne og kapasitet vert utvikla i samsvar med nye krav i kraftberedskapsforskrifta. Både digital og fysisk sikring av våre system og anlegg har høg merksemd, med nye tiltak og auka sikringsnivå dei seinaste åra. Vi har samarbeid med ulike sikkerheit- og beredskapsmyndigheiter for å sikre felles situasjonsforståing og gjensidig oppdatering.

Framtidig utvikling

Linja AS har gjennomført ulike tiltak som gjer at selskapet er eit reindyrka nettselskap, og selskapet ønskjer å vere ein sentral aktør i vidare strukturendringar på Nordvestlandet. Våre erfaringar tilseier at skalafordelane med å vekse er betydelege, både med omsyn til kompetanse og beredskap, men også for å realisere økonomiske synergjar.

I samband med fusjon mellom gamle Linja AS og Mørenett AS vart det utarbeidd mål om at det nye selskapet skal vere minst like effektivt som det beste av dei to selskapa før fusjonen.

Det er to faktorar som er sentrale for Linja AS si finansielle utvikling framover:

- Selskapet sin målte effektivitet i inntektsrammemodellen.
- Tilgang til kapital for å finansiere planlagte investeringar.

Selskapet sine inntekter er regulert av RME gjennom tildelt inntektsramme. Inntektsrammen er basert på analyser og sammenlikning av selskapene i bransjen, og det enkelte selskap sin målte kostnadseffektivitet i forhold til bransjesnittet. Dersom selskapet kjem ut på bransjesnittet, vil selskapet få ei avkastning før skatt på nettkapitalen lik RME si referanserente. Linja hadde i 2025 effektivitet i RME sine målingar godt under bransjesnittet. Vi kan forbetre oss gjennom å regulere eiga kostnadsbase og/eller gjere tiltak som optimaliserer tidspunktet for når vi må gjennomføre re- og nyinvesteringar i nettet. Fleire tiltak under arbeid er retta inn mot dette. Vår effektivitet blir påverka både av vår eigen aktivitet men også av kva dei andre nettselskapa i bransjen gjer innan områda som blir analysert og målt i inntektsrammemodellen.

Selskapet har eit mål om å ha ein effektivitet minst lik bransjesnittet over tid, og i 2026 er vi nær målet. Det vil gi oss ei tillat inntekt som dekkjer dei løpande kostnadane og forsvarleg avkastning på investert kapital.

Selskapet har store investeringsplanar framover. Det er viktig at desse blir gjennomført minst like effektivt som i andre selskap i bransjen. Investeringane vil krevje betydeleg tilgang til kapital. Historisk har selskapet henta finansiering frå kredittinstitusjonar. I 2026 ligg det til rette for at vi kan supplere med å hente kapital i obligasjonsmarknaden.

Som eit alternativ til investeringar fokuserer vi på ulike utviklingsalternativ, mellom anna program digital forbedring. Målet er å effektivisere prosessar og drive nettet på ein meir optimal måte enn i dag for å redusere kostnader og optimalisere tidspunktet for gjennomføring av investeringar.

Klima og miljø

Linja gjennomførte våren 2025 ei klimarisikoanalyse basert på scenario der middeltemperaturen aukar med 4 °C mot 2070. Analysen byggjer på klimascenario levert av Norsk Klimaservicesenter og omfattar vurderingar av fysisk risiko for kontor og baselokasjonar. Analysen kombinerer klimaframskrivingar, lokal sårbarheits informasjon og faglege vurderingar frå drift og beredskap. Konkret vil vi nytte informasjonen ved gjennomføring av dei årlege ROS-analysane for nettanlegg og i forhold til kvar det er mest optimalt å plassere våre beredskapslager.

Klimaendringane i Linja sitt område vil særleg gi meir kraftig nedbør, overvassproblem, hyppigare flaum- og skredhendingar, lengre vekstsesong og redusert tele. Korleis desse forholda påverkar oss er vurderte på kort, mellomlang og lang sikt. Kunnskapen vil bli brukt som grunnlag for ulike tiltak som blir gjennomført i selskapet.

Selskapet legg vekt på berekraftig utvikling og har etablert mål for sitt eige fotavtrykk. Skal Linja AS bli oppfatta som ein god ambassadør for det grønne skiftet, må dette vise att både mot kundar, leverandørar, samarbeidspartnarar og medarbeidarar. Selskapet vil fortsette å jobbe målretta med strategisk berekraftsarbeid, sette konkrete mål for utslepp, gjennomføre ulike tiltak og rapportere på våre klimautslepp.

Vidare drift

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at rekneskapslova er avlagd under føresetnad om vidare drift, og at selskapet er i ein sunn økonomisk og finansiell stilling. Det har ikkje vore vesentlege hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som ikkje er tekne omsyn til i årsoppgjeret, og som har betydning for vurdering av resultatet og stillinga til selskapet på balansedagen.

Styret vil takke dei tilsette for godt utført arbeid i 2025.

Resultatdisponering

Resultat etter skatt for Linja AS vart i 2025 på MNOK 458 og styret foreslår følgjande disponering av årsresultatet:

Utbyte	116 954 000 kr
Anna egenkapital	340 935 748 kr
Totalt disponert	457 889 748 kr

STYRET I LINJA AS

13. mars 2026

ERIK ESPESET
Styreleiar

KNUT ARILD FLATJORD
Styremedlem

OLAV OSVOLL
Styremedlem

MAJKEN MARGRETHE SMITH
Styremedlem

MARGRETHE MJELLEM
Styremedlem

KJELL ASLE BAKKEBØ
Styremedlem

HILDEGUNN NAAS-BIBOW
Styremedlem

MAY BRIT TØMMERVIK
Styremedlem

STONE SUNDKLAKK
Styremedlem

FRODE VERPEIDE
Styremedlem

HELGE ROBERT MIDTBØ
Administrerende direktør



Linja sine verdier

TRYGG

Vi skaper tryggleik gjennom samhald og samhandling – på tvers av fag og geografi

PÅLITELEG

Vi er avhengig av tillit frå samfunnet – og den skal vi gjere oss fortent til

HANDLEKRAFTIG

Vi er løysingsorienterte og evner å ta raske avgjersler på ein god og berekraftig måte

RESULTAT

Tal i 1000 kr

Driftsinntekter og driftskostnader	NOTE	2025	2024
Energisal	2	7 691	9 196
Nettinntekt	2	1 940 375	1 582 063
Andre driftsinntekter	2	34 099	45 799
Sum driftsinntekter		1 982 166	1 637 058
Energikjøp og overføringskostnader	2	589 859	535 180
Løns- og personalkostnader	2, 4, 5	223 831	240 471
Avskrivningar	2, 6, 7	199 080	220 716
Andre driftskostnader	2	210 982	228 438
Sum driftskostnader		1 223 753	1 224 805
Driftsresultat		758 413	412 253
Finansinntekter og finanskostnader			
Andre renteinntekter	8	34 965	14 595
Anna finansinntekt	8	2 298	1 858
Rentekostnader	8	202 135	196 870
Andre finanskostnader	8	1 485	68
Resultat av finanspostar		-166 356	-180 486
Resultat før skatt		592 057	231 768
Skattekostnad på resultat	9	134 167	53 823
Årsresultat		457 890	177 945
Årsresultat		457 890	177 945
Overføringer			
Avsett utbyte	10	116 954	88 945
Overføring anna eigenkapital	10	340 936	89 000
Overføringer		457 890	177 945



BALANSE

Tal i 1000 kr

EIGEDELAR	Note	2025	2024
Anleggsmidler			
Lisensar, konsesjonar	6	2 093	3 213
Goodwill	6	207 709	219 958
Sum immaterielle egedelar		209 802	223 171
Varige driftsmidler			
Bygningar og bustader	7, 11	232 334	235 792
Nettanlegg	7, 11	5 842 355	5 564 267
Transportmidlar, inventar og maskinar	7, 11	182 513	168 339
Anlegg under arbeid	7, 11	196 265	219 365
Sum varige driftsmidler		6 453 467	6 187 763
Anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og partar	12, 13, 14, 15	3 530	3 480
Andre langsiktige krav	16	228 026	146 303
Sum finansielle anleggsmidler		231 556	149 783
Sum anleggsmidler		6 894 826	6 560 717
OMLØPSMIDLAR			
Varelager	17	56 432	56 311
Kundefordringar	14	220 354	197 848
Andre fordringar	3	246 157	159 950
Sum fordringar		466 511	357 799
Bankinnskot, kontantar og liknande	18	222 112	228 199
Sum omløpsmidlar		745 055	642 309
Sum egedelar		7 639 881	7 203 026
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Aksjekapital	10, 19	680 320	680 320
Fond/overkurs	10	872 025	872 025
Annan innskoten eigenkapital	10	29 055	29 055
Annan eigenkapital	10	1 124 592	720 362
Sum eigenkapital		2 705 992	2 301 763

BALANSE

Tal i 1000 kr

GJELD	Note	2025	2024
Pensjonsplikter	5	6 085	14 575
Utsett skatt	9	413 748	316 752
Sum avsetning for plikter		419 833	331 327
Langsiktig lån	11, 16, 20	3 996 820	4 149 385
Sum langsiktig gjeld		3 996 820	4 149 385
Leverandørgjeld	13, 14	120 906	102 833
Betalbar skatt	9	55 023	0
Skattetrekk andre trekk og offentlege avgifter		141 181	152 424
Avsett utbyte	10	116 954	88 945
Anna kortsiktig gjeld		83 171	76 349
Sum kortsiktig gjeld		517 236	420 552
Sum gjeld		4 933 888	4 901 263
Sum egenkapital og gjeld		7 639 881	7 203 026

STYRET I LINJA AS

13. mars 2026

ERIK ESPESET

Styreleder

KNUT ARILD FLATJORD

Styremedlem

OLAV OSVOLL

Styremedlem

MAJKEN MARGRETHE SMITH

Styremedlem

MARGRETHE MJELLEM

Styremedlem

KJELL ASLE BAKKEBØ

Styremedlem

HILDEGUNN NAAS-BIBOW

Styremedlem

MAY BRIT TØMMERVIK

Styremedlem

TONE SUNDKLAKK

Styremedlem

FRODE VERPEIDE

Styremedlem

HELGE ROBERT MIDTBØ

Administrerende direktør

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Tal i 1000 kr

INDIREKTE MODELL

Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	2025	2024
Resultat før skattekostnad	592 057	231 738
Betalt skatt i perioden	0	-89
Vinst/tap ved sal av anleggsmidler	-413	-1 451
Ordinære avskrivningar	199 080	220 716
Endring i varelager	-120	-464
Endring i kundefordringer	-22 506	-20 757
Endring i leverandørgjeld	7 329	99 111
Endring i skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger i pensjonsordningar	-10 581	-29 121
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-90 503	89 496
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	674 344	589 178

Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Innbetalinger ved sal av varige driftsmidler	516	15 185
Utbetalinger ved kjøp/egen tilvirkning av varige driftsmidler	-440 672	-934 738
Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andelar i andre foretak	-50	0
Innbetaling avdrag leasing	1 286	1 375
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-438 920	-918 178

Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	950 000	500 000
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-1 102 565	-3 420
Utbetalinger av utbyte	-88 945	-62 989
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-241 510	433 591
Netto endring i kontantar og kontantekvivalenter	-6 087	104 590

Behaldning av kontantar og kontantekvivalenter pr. 01.01.	228 199	109 465
Behaldning kontantar og kontantekvivalenter ved fusjon Tindra Nett AS		14 144
Behaldning av kontantar og kontantekvivalenter pr. 31.12.	222 112	228 199
Saldo i balansen pr 31.12	222 112	228 199

NOTAR

Note 1	Rekneskapsprinsipp	Side 22
Note 2	Salsinntekter	Side 24
Note 3	Segmentinformasjon	Side 25
Note 4	Lønskostn. tal tilsette, godtgjersler, lån til tilsette og godtgj. revisor...	Side 26
Note 5	Pensjonar	Side 27
Note 6	Immaterielle egedelar	Side 31
Note 7	Varige driftsmidlar	Side 32
Note 8	Finanspostar	Side 33
Note 9	Skatt	Side 33
Note 10	Eigenkapital	Side 35
Note 11	Pant og garantiar	Side 35
Note 12	Tilknytt selskap	Side 36
Note 13	Mellomverande med tilknytt selskap.....	Side 36
Note 14	Transaksjonar med nærstående partar	Side 37
Note 15	Aksjar og delar i andre føretak m.m.....	Side 38
Note 16	Fordringar og gjeld	Side 38
Note 17	Varer	Side 38
Note 18	Bankinnskot	Side 39
Note 19	Aksjekaptial og aksjonærinformasjon	Side 39
Note 20	Ekstern gjeld	Side 40
Note 21	Finansiell marknadsrisiko	Side 40

NOTE 1

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

BRUK AV ESTIMAT

I tråd med god rekneskapsskikk har leiinga brukt estimat og føresetnader som påverkar resultatrekneskapen og verdiane av egedelar og gjeld. Dette omfattar òg usikre egedelar og forpliktingar på balansedagen.

GRUNNLEGGJANDE FORHOLD

Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumanalyse og noteopplysningar.

FUSJON

3. januar 2024 vart fusjonen mellom Linja AS (org. nr. 912631532) og Tindra Nett AS (org. nr 925315958) gjennomført med Linja som overtakande selskap. Fusjonen er rekneskapsført etter oppkjøpsmetoden med verknad frå 01. januar 2024

INNETEKTER

Nettverksemda blir regulert av styresmaktene, ved at Noreg sitt vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset årleg inntektsramme for kvart selskap. Inntektsramma skal gi dekning for netteigar sine faktiske kostnader, og ei rimeleg avkastning på investert kapital.

Kvart år vert avviket mellom faktiske tariffinntekter og godkjent inntekt utrekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført som anten gjeld til nettkundar eller fordring på nettkundar. Av akkumulert meir-/mindreinntekt vert det rekna rente, basert på ein rentesats fastsett av NVE.

Flaskehalsinntekter til Statnett oppstår når kraft vert overført mellom område med ulik kraftpris. Dette er inntekter som vert ført vidare til Statnett sine kundar gjennom redusert tariff, og skal i neste omgang bidra til å halde nettleiga nede for sluttbrukarane av straumnett.

Flaskehalsinntektene kan bli så store at tariffreduksjon ikkje er nok for å unngå for stor akkumulert meirinntekt. Då har Statnett høve til ei behovsprøvd tildeling av flaskehalsinntekter til nettselskap med store kostnader som følgje av høg straumpris.

Dette er ei ordning som gir rask respons og har som føremål å unngå auka nettleige som følgje av høge straumprisar. Nettselskap som mottek slik tariffstøtte fører dette som faktisk inntekt, og kan såleis redusere tariffinntekta i eige nett.

SKATTAR

Selskapet betalar to ulike skatteartar. Dette er alminnelig overskotsskatt og eigedomsskatt.

OVERSKOTSSKATT

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteplikt. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteplikt vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. Anlegg vert verdsett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7 % av grunnlaget. I rekneskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter kjøpstidspunktet, og postar som relaterer seg til varekretsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, fråtrekt av- og nedskrivningar. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Kontantar og kontantekvivalentar er vurderte til pålydande.

FORSKING OG UTVIKLING

Utgifter til utvikling blir balanseført i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigedel og utgiftene kan målast på ein påliteleg måte. I motsett fall blir slike utgifter kostnadsførte løpande. Balanseført utvikling blir avskrive lineært over økonomisk levetid. Utgifter til forskning blir kostnadsført løpande.

IMMATERIELLE EIGEDLAR OG GOODWILL

Goodwill har oppstått ved oppkjøp og senere fusjon. Goodwill avskrivast over forventa levetid

VARIGE DRIFTSMIDLAR

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrivne lineært over den forventa levetida. Driftsmiddel som består av vesentlege komponentar med ulik levetid, blir delte opp og avskrivne med ulik avskrivningstid for dei ulike komponenta. Direkte vedlikehald av driftsmidla blir kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostningar og forbetringar blir lagde til kostprisen og avskrivne i takt med driftsmiddelet. Dersom gjenvinnbart beløp er lågare enn balanseført verdi, blir nedskrivning gjort om til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av dei framtidige kontantstraumane som eigedelen er venta å generere.

TILKNYTT SELSKAP

Kostmetoden vert nytta som prinsipp for investeringar i tilknytt selskap i selskapsrekneskapen. Kostprisen aukar når midlar vert tilførte ved kapitalutviding. Mottekne utdelingar vert resultatførte i utgangspunktet som inntekt. Utdelingar som overstig del av opptent eigenkapital etter kjøpet vert ført som reduksjon av kostpris. Utbytte vert rekneskapsført som finansinntekt når utbyttet er vedteke.

BEHALDNING AV VARER

Varelageret er vurdert til kostpris.

FINANSIELLE LEIGEAVTALER

Finansielle leigeavtaler er balanseførte som langsiktig fordring til noverdien av dei framtidige leigene diskontert med den innkalkulerte renta i leigeavtalen. Den årlege leiga består av avdrag på gjeld og eit renteelement. Renteelementet vert ført som ei finansinntekt og avdraget som ein reduksjon av balanseført langsiktig fordring.

FORDRINGAR

Kundefordringar vert førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av fordringane. Andre fordringar vert førte opp til lågaste av pålydande og verkeleg verdi.

KORTSIKTIGE PLASSERINGAR

Kortsiktige plasseringar (aksjar og andelar vurdert som omløpsmidlar) vert vurdert til lågast av anskaffingskost og verkeleg verdi på balansedagen. Mottatt utbytte og andre utdelingar frå selskapa blir inntektsført som annan finansinntekt.

PENSJONAR

Selskapet har både innskotsordning og ytingsbasert pensjonsordning for dei tilsette. Innskotsordninga blir handtert i samsvar med lov om obligatorisk tenestepensjon (OTP). Ytingsbasert pensjonsordning blir regulert i samsvar med regelverket for offentlig pensjon.

I tillegg til egne tilsette gjeld ytingsbasert ordning også for medarbeidarar/pensjonistar som tidlegare var tilsett i Tafjord Kraftnett AS og pensjonistar frå tidlegare Tussa Nett AS.

YTINGSPENSJON

Selskapet rekneskapsfører pensjon i samsvar med IAS 19R slik NRS 6 gir høve til. Årlege estimatavvik vert balanseførte mot eigenkapitalen. Estimert pensjonskostnad ved utløpet av førre rekneskapsår danna grunnlaget for pensjonskostnaden for neste år. Avvik mellom estimert pensjonskostnad og faktisk pensjonskostnad vert balanseført direkte mot eigenkapitalen saman med aktuarielle gevinstar og tap i perioden.

Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurderte til verkeleg verdi.

INNSKOTSPENSJON

I ei innskotsordning betaler selskapet årleg det selskapet har forplikta seg til ved avtale. Selskapet har ikkje fleire plikter utover denne betalinga. Innskotet vert ført som ein lønskostnad når det vert betalt.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i føretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

NOTE 2

Salsinntekter 2025

Tal i 1000 kr

	Kraftomsetn.	Sum monopol	Anna	Eliminering	Sum
Sal energi	10 042	-	-	-2 351	7 691
Nettleige	-	2 209 510	-	-332 128	1 877 381
Meir-/mindreinntekt i året	-	-207 217	-	270 211	62 994
Andre inntekter	-	3 398	29 304	1 398	34 099
Sum driftsinntekter	10 042	2 005 691	29 304	-62 870	1 982 166
Energikjøp	7 691	-	-	-	7 691
Kjøp av nettap	-	90 710	-	-	90 710
Overføringskostnader	-	831 682	-	-340 224	491 458
Løns- og personalkostnader	-	190 788	18 945	14 098	223 831
Estimatavvik pensjon ført mot EK og skatt	-	-76 620	-4 527	81 146	-
Andre driftskostnader	-	187 627	4 820	-4 298	188 148
Eigedomsskatt og tap	-	22 835	-	-	22 835
Avskrivningar	-	185 696	1 825	11 559	199 080
Sum driftskostnader	7 691	1 432 718	21 063	-237 719	1 223 753
Driftsresultat	2 351	572 973	8 241	174 848	758 413
Driftsresultat pr. vho ekskl. estimatavvik	2 351	496 353	3 714	255 995	758 413




NOTE 3

Segmentinformasjon

Tal i 1000 kr

Nettinformatjon	Sum monopol 2025	Sum monopol 2024
Driftsresultat (inkl. estimatavvik)	572 973	503 748
MEIR(+)/MINDRE(-)INNTEKT:		
Faktisk inntekt (ekskl. tariffstøtte Statnett)	2 209 912	1 923 255
Tariffstøtte flaskehalsinntekter Statnett	-	12 716
Kostnader overliggjande nett	831 682	772 686
= Justert faktisk inntekt	1 378 230	1 163 285
Inntektsramme i året	1 110 201	1 071 715
Inntektsramme justert for AVS/AKG/KILE	1 171 013	1 185 160
Frådrag kompensasjon kapitalavkastn. nettanlegg Statnett	-	-15 017
Berekena meir-/mindreinntekt i året	207 217	-6 858
Inng. saldo ordinær ME/MI-inntekt inkl. rente 01.01	-147 002	-118 782
Inng. saldo harmoni MI-inntekt inkl. rente 01.01	-8 104	-7 527
Årets Harmoni MI-inntekt	-269 831	-
Årets bevegelsar inkl. rente og avskrivning	185 711	-28 964
Akk. ordinær ME/MI-inntekt inkl. rente 31.12	-22 850	-147 169
Akk. Harmoni MI-inntekt inkl. rente 31.12	-216 376	-8 104
BALANSE:		
Sum driftsmidlar etter fordeling pr. 01.01	5 966 460	5 151 888
Sum driftsmidlar etter fordeling pr. 31.12	6 248 684	5 960 832
Gjennomsnittlege driftsmidlar	6 107 572	5 556 360
1 % påslag for netto arbeidskapital	61 076	55 564
Avkastningsgrunnlag	6 168 648	5 611 923
Avkastning (driftsresultat*100/avkastningsgrunnlag)	9,3	9,0



NOTE 4

Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjersler, lån til tilsette og godtgjersle til revisor

Tal i 1000 kr

Lønnskostnader	2025	2024
Lønnskostnader inklusiv aktiverte lønnskostnader	250 037	253 207
Aktiverte lønnskostnader	-80 008	-92 174
Arbeidsgivaravgift	34 704	41 492
Pensjonskostnader	9 326	23 597
Andre ytingar	9 772	14 349
Sum	223 831	240 471

Selskapet hadde 272 årsverk 31.12.2025 og 286 årsverk 31.12.2024.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Dagleg leiar
Løn	2 091	2 165
Pensjonsutgifter	149	185
Anna godtgjersle	16	13
Sum godtgjersle	2 256	2 363

Styrehonorar		
Styreleiar	230	210
Styremedlem	1 300	1 050
Sum godtgjersle	1 530	1 260

Revisor		
Lovpålagt revisjon	1 076	628
Skatterådgjeving	77	249
Andre tenester:		
- Prosjektstøtte fasilitering integrasjonsprosjekt	892	2 551
- Prosjektstøtte dobbeltvesentlighets analyse	162	227
- Teknisk rådgjeving regnskapsføring verksemdsamanslåing og årsregnskap	98	481
- Avtalte kontrollhandlingar	28	40
- Juridiske tenester fusjon	-	35
Sum honorar til revisor eks meirverdiavgift	2 334	4 211

Det er ikkje gitt lån eller stilt garantiar til administrerande direktør, styremedlemar eller andre nærstående parter. Styret har ikkje avtalar om anna vederlag enn styrehonorar.

Administrerande direktør inngår i kollektiv pensjonsordning på lik linje med andre tilsette i selskapet. Ved oppseiing utan vesentleg misleghald har administrerande direktør rett til seks månaders etterløn.

NOTE 5

Pensjonar

Linja AS har pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar. Selskapet har tre offentlege kollektive pensjonsordningar (ytingsplan), ein i BKK Pensjonskasse, ein i KLP og ein i DNB. Den kollektive pensjonsordninga i DNB omfattar pensjonistar frå tidlegare Tussa Nett AS. Det er Gabler AS som administrerer ytingsordninga i BKK Pensjonskasse og DNB. Alle ordningane blir rekneskapsførte i samsvar med IAS 19. Årlege aktuarberekningar vert utarbeidde av aktuar i Gabler AS og KLP. Linja AS har også tenestepensjon med innskotsordning. Personell fødd i 1963 eller seinare er overførte til innskotsordninga med verknad frå 1. januar 2020. Ordninga i KLP, som omfattar 9 aktive medlemmer frå tidlegare Tindra Nett AS, er i samsvar med påslagsordninga i ny offentlig tenestepensjon som vart vedteke av Stortinget i juni 2019.

INNSKOTSORDNING

Spareplanen i innskotsordninga utgjer 6 % for løner mellom 0 og 7,1 G (G=grunnbeløpet i Folketrygden) og 18 % for løner mellom 7,1 G og 12 G. For løner mellom 7,1 og 12 G er sparing 18 % for tidlegare tilsette i Linja AS (innfusjonert 8. mars 23) og 22,9 % i lukka ordning for tidlegare tilsette i Mørenett AS. Kapitalen vert forvalta av DNB, men er eigd av Linja med panterett til kvart medlem.

YTINGSPLAN I SIKRA ORDNING

Ytingsplan omfattar alders-, uføre-, etterlatte- og barnpensjon. Den gir dei tilsette ein bestemt framtidig pensjonsytning basert på oppteningsår og lønsnivået ved pensjonsalder. Alderspensjonen utgjer ved full opptening 66 % av pensjonsgrunnlaget for løn opp til 12G. Alle fødd i 1943 eller seinare vil få pensjonen sin levealdersjustert, noko som kan føre til ei pensjonsutbetaling som er mindre enn 66 % av pensjonsgrunnlaget. Pensjonen er ei bruttoordning og blir regulert i høve til regelverket for offentlig pensjon. Ordninga blir finansiert ved at medlemane betaler 2 % av pensjonsgrunnlaget. Anna pensjonspremie blir dekt av arbeidsgivar.

YTINGSPLAN I USIKRA ORDNINGAR

Dei usikra ordningane består av AFP og ei driftspensjonsordning for tidlegare dagleg leiar si løn mellom 12 G og 14 G. Desse er vist samla under usikra ordningar.

AFP-ORDNING

Det vert ikkje gitt statstilskot til AFP-ordninga som er omfatta av offentlig kollektiv pensjonsordning. Arbeidsgivar er dermed fullt ut ansvarleg for alle plikter etter denne ordninga og desse er føresette inkludert i brutto pensjonsforpliktingar

Tilsette som er omfatta av den innskotsbaserte pensjonsordninga har krav på privat AFP, som er eit livsvarig tillegg til alderspensjonen frå Folketrygda, ref. AFP-tilskotslova kap. 2. Denne AFP-ordninga vert finansiert ved at staten gir eit tilskot som utgjer 1/3 av pensjonen, medan arbeidsgivar dekker det resterande. Arbeidsgivar sin del utgjer 2,5 % av løner mellom 1 G og 7,1 G for arbeidstakarar frå og med året dei fyller 13 år til og med kalenderåret dei fyller 61 år. AFP-ordninga vert rekneskapsført som ei innskotsordning. Ordninga vert administrert av rettssubjektet Fellesordninga for avtalefesta pensjon.

ESTIMATAVVIK

Vi nyttar ikkje korridorløyising for estimatavvik. Alle estimatavvik, både i forhold til plikter og midlar, blir amortisert i notid og ført mot eigenkapitalen.

PLANENDRINGAR

Planendringar blir resultatførte.

ØKONOMISKE FØRESETNADER

Linja AS har vurdert at marknaden for obligasjonar med føretaksobligasjonar (OMF) er i samsvar med krava i IAS 19.83 til føretaksobligasjonar.

DEMOGRAFISKE FØRESETNADER

Selskapet har i pensjonsberekningane, som grunnlag for dødelegheit, følgd GAP07 til Finanstilsynet og K2013 tabell anbefalt av Norsk Regnskapsstiftelse. Uføretabeller er basert på IR73 (modell for uførehetsrisiko).

LØNSVEKST

I berekning av pensjonsforplikting 31.12.2025 er det lagt til grunn lineær lønskurve som forutsetning for individuelle karrietillegg.

RISIKOVURDERING AV YTINGSBASERTE ORDNINGAR

Gjennom ytingsbaserte ordningar er selskapet påverka av fleire risikoar som følgje av usikkerheit i føresetnader og framtidig utvikling. Dei mest sentrale risikoane er følgjande:

FORVENTA LEVETID

Selskapet har plikt til å betale ut pensjon for dei tilsette livet ut. Auke i forventa levealder blant medlemmane aukar plikta for selskapet.

AVKASTINGSRISIKO

Selskapet blir påverka ved ei endring i faktisk avkastning på pensjonsmidlane som vil medføre endring i netto plikter.

INFLASJONS- OG LØNSVEKSTRISIKO

Selskapet si pensjonsplikt har risiko knytt til både inflasjon og lønsutvikling, sjølv om lønsutviklinga er nært knytt til inflasjonen. Høgare inflasjon og lønsutvikling enn lagt til grunn i pensjonsberekningane, fører til auka plikter for selskapet.

RENTERISIKO

Ved neddiskontering av pensjonsutbetalingar blir marknadsrenter lagt til grunn. Generelt lågt eller fallende rentenivå aukar brutto pensjonsplikter for selskapet, medan aukande rentenivå reduserer pliktene.

I den talmessige delen av pensjonsnota under er det ei oversikt over tal aktive medlemmer og pensjonistar for høvesvis sikra og usikra ordningar.

[Pensjonar, framhald neste side ->](#)



NOTE 5

Pensjonar

Dei aktuararmessige berekningane byggjer på						
følgjande føresetnader:	BKK P 2025	KLP 2025	DNB 2025	BKK P 2024	KLP 2024	DNB 2024
1. Diskonteringsrente	4.00 %	3.90 %	4.00 %	3.90 %	3.90 %	3.90 %
2. Forventa avkastning	4.00 %	3.90 %	4.00 %	3.90 %	3.90 %	3.90 %
3. Forventa lønsvekst	4.00 %	4.00 %	4.00 %	4.00 %	4.00 %	4.00 %
4. Forventa G-regulering	3.75 %	3.75 %	3.75 %	3.75 %	3.75 %	3.75 %
5. Forventa regulering av pensjonar under utbetaling	2.75 %	2.75 %	3.75 %	3.00 %	3.00 %	3.75 %
6. Uttakstendens AFP	25 %	-	-	25 %	-	-
7. Uttakstendens direktørpensjon v/62 år	25 %	-	-	25 %	-	-
8. Demografiske føresetnader	FNH2013/IR73	K2013BE/IR02	FNH2013/K63		K2013BE/IR02	

Tal i 1000 kr

A. Pensjonskostnad	2025	2024
Pensjonsopptening i året	4 763	5 954
Arbeidsgiveravgift av oppteninga i året	508	701
Rentekostnad på pensjonsplikta	25 611	23 129
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-30 371	-23 501
Resultatført planendring	-4 096	-
Resultatført netto forpliktelse ved oppgjør	-4 957	-
Administrasjonskostnader	28	25
Total pensjonskostnad	-8 514	6 309

B. Balanseført pensjonsplikt	2025	2024
Brutto pensjonsplikt ved slutten av perioden	674 186	711 521
Midlar ved slutten av perioden	869 235	814 921
Balanseført pensjonsplikt inkl. arb.g.avg.	-195 049	-103 400

C. Endring i netto pensjonsplikter	2025	2024
Pensjonsplikter i inngåande balanse	-103 400	13 653
Resultatført pensjonskostnad	-8 514	6 309
Aktuarielt tap (+), vinst (-) ført mot eigenkapital	-81 146	-84 111
Innbetalningar inkl. arb.g.avg	-1 779	-39 048
Utbetalt pensjon over drift ekskl. arb.g.avg	-210	-203
Balanseført pensjonsplikt ved slutten av perioden	-195 049	-103 400
Av dette balanseført som finansielle anleggsmiddel	-199 734	-116 764
Av dette balanseført som avsetning for plikter	4 685	13 364

Linja har balanseført overfinansieringa som ei fordring. Forventa renteutvikling tilseier at overfinansieringa gradvis vil bli nytta til framtidige plikter i ordninga.

D. Endring i netto pensjonsplikter	2025	2024
Total pensjonskostnad sikra ordning	-3 889	5 811
Total pensjonskostnad usikra ordning	-4 625	498
Total pensjonskostnad	-8 514	6 309
Balanseført pensjonsplikt sikra ordning	-198 106	-112 012
Balanseført pensjonsplikt usikra ordning	3 057	-8 612
Balanseført pensjonsplikt ved slutten av perioden	-195 049	-103 400

Som følgje av fusjonen mellom Linja AS og Tindra Nett AS vart det ei auke i pensjonsgjelda per 01.01.2024 på 8,8 mill. kroner knytt til den sikra ordninga. Estimataavvik for ytingspensjon i det tidlegare Tindra Nett vart balanseført direkte mot eigenkapitalen. Endringa medførte ein reduksjon i eigenkapitalen på 6,7 mill. kroner.

E. Endring i netto pensjonsplikter	2025	2024
Når ein tek omsyn til innskotsordning og andre pensjonar vert samla pensjonskostnad	9 326	23 597
Oppført beløp er eksklusiv arbeidsgivaravgift		

F. Medlemsstatistikk	Sikra ordning	Usikra ordning	Sikra ordning	Usikra ordning
	2025	2025	2024	2024
Tal aktive medlemmer i ytingsordning	36	0	42	6
Tal pensjonistar	266	2	269	2



NOTE 6

Immaterielle egedelar

Tal i 1000 kr

	Konsesjon	Goodwill	Lisensar	Sum
Kostpris pr. 01.01.25	110 000	261 473	9 014	380 487
Kostpris 31.12.25	110 000	261 473	9 014	380 487
Akkumulerte avskrivningar 31.12.25	110 000	53 764	6 922	170 686
Balansført verdi pr. 31.12.25	-	207 709	2 093	209 802
Avskrivningar i året	-	12 248	1 120	13 369

Linja nyttar lineære avskrivningar for alle immaterielle egedelar. Den økonomiske levetida for anleggsmidla er berekna til:

- Konsesjon: 20 år
- Goodwill: 20 år
- Lisensar: 4 år

Nettselskapa sine rammevilkår er stabile og føreseielege. Goodwill er derfor samla sett vurdert til å ha ei levetid på 20 år.



NOTE 7

Varige driftsmidler

Tal i 1000 kr

Varige driftsmidler	Tomter	Transpm/ inventar/ utstyr	Bygg	Nettanlegg	Sum varige driftmidlar
Kostpris pr 01.01.25	62 030	486 191	301 311	8 875 956	9 725 488
Tilgang kjøpte driftsmidler	2 885	49 204	3 174	419 586	474 849
Avgang selde driftsmidler	-	2 516	-	-	2 516
Kostpris 31.12.25	64 915	532 879	304 485	9 295 542	10 197 821
Akkumulerte avskrivningar 31.12.25	-	350 366	136 936	3 453 314	3 940 619
Balansført verdi pr. 31.12.25	64 915	182 513	167 546	5 842 228	6 257 203
Avskrivningar i året	-	34 926	9 165	141 621	185 712
Økonomisk levetid	-	Innt. 30 år	Innt. 50 år	Innt. 90 år	
Avskrivningsplan	-	Lineær	Lineær	Lineær	
Anlegg i arbeid:					
Balansført verdi 01.01.25	219 365				
Endringer i året	-23 100				
Balansført verdi 31.12.25	196 265				

Det er i løpet av året ikkje gjort nedskrivning av anleggsmidler, reversering av nedskrivning frå tidlegare år. Økonomisk levetid er justert frå 2024 til 2025 for nettanlegg. Ny avskrivningstid frå 2025 medfører reduksjon i årlege avskrivningar for nettanleggene med om lag 48 mill. kr. Avskrevet beløp for nettanlegg uten endring ville gitt en avskrivning på 189,6 mill. kr.



NOTE 8

Finansposter

Tal i 1000 kr

Finansinntekter	2025	2024
Renter innskot bank	13 011	6 939
Renter mindreinntekt	21 506	7 089
Morarenter	449	567
Anna finansinntekt	2 298	1 858
Sum finansinntekter	37 263	16 453

Finanskostnader		
Rentekostnader eksterne lån	216 905	216 933
Aktiverte byggjelånsrenter	-19 534	-20 063
Annan rentekostnad	6 204	-
Valutatap	45	68
Sum finanskostnader	203 620	196 938

NOTE 9

Skatt

Tal i 1000 kr

Betalbar skatt kjem fram slik:	2025	2024
Resultat før skattekostnad	592 057	231 768
Permanente skilnader	86 777	76 657
Endring mellombelse skilnader	-419 575	-313 879
Bruk av framførbart underskot	-9 152	-
Underskot i året	-	5 465
Grunnlag betalbar skatt på resultat i året	250 107	-
Betalbar skatt på resultat i året	55 024	-

Skattekostnad i året kjem fram slik:		
Betalbar skatt på resultat i året	55 024	-
Endring utsett skatt i høve til balansen	96 996	81 207
Direkte balanseført utsett skatt som følge av fusjonen	-	-10 680
Korreksjon tidligere år	-	-90
Balanseført utsett skatt pga. prinsippendring pensjon Tindra	-	1 889
Balanseført utsett skatt estimatavvik pensjon	-17 852	-18 503
Total skattekostnad i året	134 167	53 823

Skatt, framhald neste side ->

NOTE 9

Skatt

Tal i 1000 kr

Betalbar skatt i balansen kjem fram slik:	2025	2024
Betalbar skatt på resultat i året	55 024	-
Sum betalbar skatt	55 024	-

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt:		
Skilnader som vert utlikna:		
Anleggsmidler	1 640 346	1 393 079
Kundefordringar	(3 037)	(1 907)
Balanseført leigeavtalar	11 318	12 604
Vinst- og tapskonto	3 823	4 779
Andre mellombelse skilnader	239 226	155 273
Underskot til framføring	-	(9 152)
Sum	1 891 676	1 554 676
Utsett skatt (+)/ Utsett skattefordel (-)	416 169	342 029

Skilnader som ikkje vert utlikna:		
Goodwill	-207 328	-219 492
Pensjonsmidlar (+)/pensjonsplikter (-)	196 325	104 597
Sum	-11 004	-114 895
Utsett skatt	-2 421	-25 277
Utsett skatt i balansen	413 748	316 752

Samanheng mellom skattekostnad og skatt berekna av resultat før skatt:		
22 % av resultat før skatt	130 253	50 989
Effekt av permanente skilnader	1 239	248
Avskrivning GW BN og Linja AS 2023	2 676	2 676
Korreksjon frå fjoråret	-	-90
Skattekostnad i høve resultatrekneskap	134 167	53 823
Effektiv skattesats	22,7 %	23,2 %



NOTE 10

Eigenkapital

Tal i 1000 kr

	Aksjekapital	Overkurs	Innskot anna EK	Anna EK	Sum
Eigenkapital pr 01.01.	680 320	872 025	29 055	720 362	2 301 763
Estimatavvik pensjon	-	-	-	63 294	63 294
Resultat i året	-	-	-	457 890	457 890
Avsett utbytte	-	-	-	-116 954	-116 954
Eigenkapital pr. 31.12	680 320	872 025	29 055	1 124 592	2 705 992

NOTE 11

Pant og garantiar

I avtalane med långjevarane våre er negativ pant gjeldande.

NOTE 12

Tilknytt selskap 2025

Tal i 1000 kr

Tilknytt selskap	Erverva	Kontor	Land	Eigarandel	St.andel
Elsikkerhet Vest AS	29.05.09	Ørskog	Norge	49 %	49 %

Tilknytt selskap	Forretnings-kontor	Eigar/røystedel	Eigenkapital siste år (100 %)	Resultat siste år (100 %)	Balanseført verdi
Elsikkerhet Vest AS	Ålesund	49 %	5 445	806	755
Balanseført verdi 31.12.25					755

NOTE 13

Mellomverande med tilknytt selskap

Tal i 1000 kr

Fordringar	Elsikkerhet Vest AS 2025
Lån til føretak i same konsern	-
Kundefordringar	-
Andre fordringar	-
Sum	-
Av dette fordringar med forfall > 1 år 0	-

Gjeld	Elsikkerhet Møre AS 2025
Leverandørgjeld	41
Anna kortsiktig gjeld	-
Sum	41

Linja



Straum til deg. Kraft til det nye.



NOTE 14

Transaksjonar med nærstående partar

Nærstående part	Tilknytning	Eigardel 2025	Eigardel 2024
Elsikkerhet Vest AS	Tilknytt selskap	49 %	42,4 %
Tussa Kraft AS	Aksjeeigar	32,9 %	32,9 %
Tussa Energi AS	Dotter av aksjeeigar		
Tussa Installasjon AS	Dotter av aksjeeigar		
Tussa IKT AS	Dotter av aksjeeigar		
Innvik Kraftverk AS	Dotter av aksjeeigar		
Elektrotunet AS	Dotter av aksjeeigar		
Sunnmøre Energi AS	Dotter av aksjeeigar		
Tafjord Kraft AS	Aksjeeigar	33,8%	33,8 %
Tafjord Kraftproduksjon AS	Dotter av aksjeeigar		
Tafjord Kraftvarme AS	Dotter av aksjeeigar		
Tafjord Connect AS	Dotter av aksjeeigar		
Sogn og Fjordane Energi AS	Aksjeeigar	33,3 %	33,3 %
SFE Produksjon AS	Dotter av aksjeeigar		
Atle Isaksen	Administrerende direktør (konstituert)		
Erik Espeset	Styreleiar		

Transaksjonar med nærstående partar

Selskapet har gjennomført fleire ulike transaksjonar med nærstående partar. Alle transaksjonane er gjennomført som ein del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar. Dei mest vesentlege transaksjonane som er gjennomført er følgjande:

Tal i 1000 kr

Transaksjonar	2025	2024
a) Kjøp av varer og tenester frå aksjeeigar/dotter av aksjeeigar	22 642	80 106
b) Kjøp av varer og tenester frå tilknytt selskap	9 320	9 320
c) Sal av varer og tenester til aksjeeigar/dotter av aksjeeigar	33 084	48 705
d) Sal av varer og tenester til tilknytt selskap	113	90
Transaksjonar med nærstående partar:	2025	2024
Kundefordringar	10 852	5 166
Leverandørgjeld	10 695	7 351
Sum	21 547	12 517

NOTE 15

Aksjar og delar i andre føretak m.m.

Tal i 1000 kr

Selskap	Eigardel	Anskaffelsekost pr aksje	Balanseført verdi	Marknadsverdi
Valider AS	4,0 %	0,1	2 378 174	-
REN AS	5,1 %	1	316 382	-
Elbits AS	2,9 %	30	30 000	-
Trainee Sunnmøre SA			50 000	-

NOTE 16

Fordringer og gjeld

Tal i 1000 kr

Langsiktige fordringar	2025	2024
Fordring pensjonskasse	199 734	116 764
Periodisering kostnad ERP-system	14 299	14 527
Avtaler finansiell lease	11 318	12 604
Andre langsiktige krav	2 675	2 408
Sum	228 026	146 303
Langsiktige fordringer med forfall seinare enn 1 år	226 689	26 059
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år	700 000	200 000

Finansielle leigeavtaler gjeld utleige av fiberanlegg til ekstern aktør med lange kontrakter.

NOTE 17

Varer

Tal i 1000 kr

	2025	2024
Lager av innkjøpte varer	56 432	56 311
Sum	56 432	56 311

Varelager er vurdert til kostpris

NOTE 18

Bankinnskot

Tal i 1000 kr

	2025	2024
Innskot driftskonto	207 899	214 963
Bundne skattetrekksmidler	14 195	13 218
Depokonto	18	18
Sum likvide midlar	222 112	228 199

Selskapet sin likviditet er organisert i ei toppkontoordning der samla tilgjengelig saldo synar på toppkontoen. Linja AS har disponibel kassakreditt på MNOK 50.

NOTE 19

Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Tal i 1000 kr

Aksjekapitalen består av:	Tal	Pålydande	Balanseført
Aksjar	17 008	40	680 320

Linja AS har tre aksjonærar pr. 31.12.2025. Selskapet sine aksjar er utstedt i aksjeklasse A. A-aksjane gir røysterett tilsvarande del av totale utstedte A-aksjar til ei kvar tid. Linja AS har ingen egne aksjar.

Oversikt over aksjonærane:	A-aksjar	Eigardel	Røystedel
Tafjord Kraft AS	5 749	33.80 %	33.3 %
Sogn og Fjordane Energi AS	5 664	33.30 %	33.3 %
Tussa Kraft AS	5 595	32.90 %	33.3 %
Totalt tal aksjar	17 008	100.00 %	100.0 %

Gjennom aksjonæravtalen har partane regulert at selskapet skal vere ei felles kontrollert verksemd.

NOTE 20

Ekstern gjeld

Tal i 1000 kr

Nettinformatjon	Ramme	Bokført verdi	Rente	Løpetid	Forfall
Trekkfasilitet 2024-2026	625 000	625 000	3.mndr NIBOR + Margin	24 mnd	15.12.2026
Trekkfasilitet 2025-2030	550 000	250 000	3.mndr NIBOR + Margin	60 mnd	06.02.2030
Bullet lån 2024-2026	400 000	400 000	3.mndr NIBOR + Margin	30 mnd	20.12.2026
Bullet lån 2023-2027	471 820	471 820	3.mndr NIBOR + Margin	48 mnd	04.12.2027
Bullet lån 2023-2028	450 000	450 000	3.mndr NIBOR + Margin	60 mnd	04.12.2028
Bullet lån 2023-2028	700 000	700 000	3.mndr NIBOR + Margin	60 mnd	28.04.2028
Bullet lån 2022-2029	200 000	200 000	3.mndr NIBOR + Margin	84 mnd	02.06.2029
Bullet lån 2023-2030	200 000	200 000	3.mndr NIBOR + Margin	84 mnd	12.06.2030
Bullet lån 2025-2035	700 000	700 000	3.mndr NIBOR + Margin	120 mnd	11.04.2035
Sum	4 296 820	3 996 820			

Selskapet har TNOK 50 000 i tilgjengelege kassakreditt per 31.12.2025.

I låneavtalane har vi pålegg i forhold til nivå på eigenkapitalprosenten og rentedekningsgrad. Kravet til eigenkapitalprosent er 25% og kravet for rentedekningsgraden er 1,2. Berekingar syner at begge krava er oppfylt.

NOTE 21

Finansiell marknadsrisiko

OVERORDNA MÅL OG STRATEGI

Selskapet har som mål å sikre gode resultat og stabilt utbyte til eigarane, og vi søker å balansere gode resultat med langsiktig verdiskaping.

MARKNADSRISIKO

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følgje av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar verdipapirkursar.

Pensjonsmidlane vi har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar.

Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom hhv BKK Pensjonskasse og DNB Liv.

Renterisiko påverkar oss gjennom nettregulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld.

Styret sin policy er at vi ikkje driv sikring, fordi renteendringar i stor grad vil utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader.

KREDITTRISIKO

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle sine forpliktingar. Risiko for tap på fordringar er vurdert som låg så lenge ein stor del av kundane inngår i gjennomfaktureringsavtale som vi har med kraftleverandørane. For 82% av kundane mottek vi oppgjør av nettleige frå kraftleverandøren.

LIKVIDITETSRISIKO

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at selskapet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine eller og/eller finansiere auke i eignelutar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Vi er sikra nødvendig likviditet gjennom ulike bankar, og vi har tilgjengelege trekkrettar som sikrar oss likviditet framover. Vi vurderer denne risikoen som lav.





Til generalforsamlinga i Linja AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Linja AS som er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultat og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatata og kontantstrømmane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leilinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Lelinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Lelinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Lelinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leilinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Tell Norge AS, Langelandsvegen 35, NO-6010 Ålesund
T: +47 96 00 55 44, org. no.: 834 836 912 MVA, www.tellnorge.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggende sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgaver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ålesund, 13. mars 2026

Tell Norge AS

Terje Honningsvåg

Statsautorisert revisor

Strategi og framtidsutsikter

Linja er eit resultat av fusjonar og kjøp, og er i dag eitt av dei største nettselskapa i landet. Selskapet eig kritisk samfunnsinfrastruktur i ein stor geografi frå Sognefjorden til Trøndelag, og forvaltar ein balanse på MNOK 7,6. Interessentane våre forventar at vi utviklar selskapet på ein god måte, både med tanke på samfunnsoppdraget, risikohandtering og avkastning.

Det er stor etterspurnad etter nettkapasitet i nettområdet vårt. Samfunnet er inne i ei omfattande energiomstilling, med auka elektrifisering, ambisiøse klimamål og framvekst av ny industri.

I denne situasjonen er det avgjerande for Linja å utvikle og ta i bruk løysingar som kan vere alternativ til tradisjonelle nettinvesteringar. Dersom vi ikkje lukkast med dette, risikerer vi å byggje opp ein nettkapital som set selskapet i ein krevjande finansiell situasjon. Ei slik utvikling vil òg kunne føre til høgare nettleige for kundane våre.

Endring, omstilling og vidare utvikling av Linja er heilt avgjerande i tida som kjem. Erfaringar frå dei første åra som samla selskap ligg til grunn når vi i 2026 ser på organiseringa av selskapet.

Auka krav til beredskapsevne og forsyningstryggleik stiller nye krav til nettdrifta. Datainnsamling, analyse og risikovurderingar krev nye verkty og ei vidareutvikla verdikjede. Samstundes gjer ei meir kompleks drift – med fleire fleksible aktørar og tilknytning på vilkår – det nødvendig å fokusere på systemløysingar og automatisering.

I samband med fusjonen av Linja og Mørenett i 2023 vart det for første tre-årsperiode satt målsettingar om reduksjon av kostnader og auka effektivitet. Arbeidet med dette har vore strukturert i ulike utvikling- og forbetningsprosjekt internt i Linja, og målsettingane som var sett er nådd innanfor den første treårs perioden. Det er sunn konkurranse mellom nettselskapa i Norge, driven fram av monopolreguleringa til NVE og RME. Linja vil og må derfor fortsette arbeidet for å auke effektivitet og redusere kostnader i alle arbeidsprosessar og oppgåver.

I Linja har vi følgjande strategiske hovudretningar:

Linja skal vere **verdiskapande**, **kundevenleg** og **berekraftig**.

Det **verdiskapande** peikar mot arbeidet vi skal gjere for å møte forventningane om eit godt økonomisk resultat og godt leiarskap.

Det **kundevenlege** peikar mot arbeidet for å sikre låg nettleige, rett nettkapasitet og god leveringstryggleik. Vidare skal vi møte kundane sine forventningar om digital samhandling, sjølvbetjening og god kundehandsaming.

Det **berekraftige** peikar mot eit målretta arbeid for å betre Linja sitt klima og naturavtrykk. Berekraftsarbeidet skal også ivareta våre eigne medarbeidarar og alle innleide samarbeidspartnarar som arbeider i anlegga eller verksemda vår.



Berekraft

2025 har vore eit år der Linja har styrka og systematisert berekraftsarbeidet sitt. Vi har vidareutvikla strukturane, datagrunnlaget og styringa som skal sikre at berekraft blir integrert både i drift, utvikling og overordna strategi.

Linja legg følgjande definisjon av berekraft til grunn:

Ei utvikling som møter dei behova vi har i dag utan å øydeleggje moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekt behova sine.



Samfunnsoppdraget vårt som bidrag til berekraft

Som nettselskap er Linja ein viktig premissgivar for energiomstillinga. Vi sørger for trygg og stabil straumforsyning, og legg til rette for elektrifisering i heile regionen. Eit robust nett med tilstrekkeleg kapasitet er avgjerande for å nå klima- og energimåla.

Berekraftsarbeidet vårt er derfor tett knytt til forsyningstryggleik, beredskap og målretta investeringar i utvikling og drift av nettet.

Linja har i løpet av 2025 bygd eit solid fundament for vidare utvikling av berekraftsarbeidet. Etablering av klimarekneskap, betre datainnsamling og meir robuste rutinar gir betre grunnlag for både beslutningar og rapportering.

Viktige hendingar 2025

- Tilsetting av controller berekraft, som gir auka kapasitet i berekraftsarbeidet.
- Første klimarekneskap etablert med 2024 som referanseår, som gir betre oversikt over utslepp i eigen drift (Scope 1 og 2).
- Signert nasjonal avtale med dei ti største nettselskapa om reduksjon av utslepp av SF₆-gass, med felles krav til overvaking, lekkasjekontroll og utskifting.
- Oppstart av arbeidet med utskiftingsplan for bilparken, med langsiktig mål om 90% elbilandel.
- Kartlegging av arealbruk i og nær verna område gjennomført etter bransjestandard.
- Oppstart av arbeid med å forbetre og standardisere avfallsrutinar, sortering og planlegging av gjenbruksløysningar.



Linja sitt klimarekneskap for 2025

Klimarekneskapen er eit sentralt verktøy i Linja sitt berekraftsarbeid. Med 2024 som referanseår har vi etablert eit godt grunnlag for å følge utviklinga over tid. I 2026 startar arbeidet med å kartlegge utslepp i Scope 3, som vil gi eit meir komplett bilete av klimapåverknaden i heile verdikjeda vår.

Klimagassutslepp	Eining	2024 basisår	2025	Endring %
SCOPE 1				
SF ₆ -gass	tCO ₂ eq	112	119	6%
Bilar og aggregat	tCO ₂ eq	865	766	-11%
Scope 1 - totalt		977	885	-9%
SCOPE 2				
Nettap - lokasjonsbasert	tCO ₂ eq	4309	3359	-22%
Innkjøpt straum - lokasjonsbasert	tCO ₂ eq	93	70	-25%
Fjernvarme - lokasjonsbasert	tCO ₂ eq	50	47	-6%
Nettap - marknadsbasert	tCO ₂ eq	172088	151035	-12%
Innkjøpt straum - marknadsbasert	tCO ₂ eq	3698	3159	-15%
Fjernvarme - marknadsbasert	tCO ₂ eq	50	47	-6%
Scope 2 lokasjonsbasert - totalt	tCO ₂ eq	4452	3476	-22%
Scope 2 marknadsbasert - totalt	tCO ₂ eq	175836	154241	-12%

Styring, VSME og vidare utvikling

I 2025 har Linja etablert eit meir systematisk rammeverk for berekraftsarbeidet. Dette inkluderer årshjul for aktivitetar, tydelegare ansvarsdeling og utvikling av mål og KPI-ar i tråd med VSME-standarden (*). Standarden gir ei strukturert tilnærming som er tilpassa verksemder på vår storleik.

I 2026 skal arbeidet vidareførast gjennom utvikling av ein klimaomstillingsplan, etablering av mål for SF₆-gass (*), vidareutvikling av avfalls- og gjenbruksløyser, elektrifisering av bilparken samt vidare arbeid med naturkartlegging og rapportering. Dette vil styrkje Linja sitt bidrag til klima, miljø og samfunn – og samtidig gi betre styringsinformasjon for både leiing og styre.

Vi er også aktive i ulike fora for innkjøp og berekraft i lag med andre nettselskap i bransjen. Dette er viktige arenaer for felles praksis inn mot leverandørmarknaden, erfaringsutveksling og deling av kompetanse.

* VSME: *Voluntary Standard for Micro, Small and Medium-sized Enterprises: den europeiske frivillige bærekraftsstandarden for mikro-, små og mellomstore verksemder, utvikla av EFRAG*

* SF₆-gass: *Svovelheksafluorid er ein syntetisk, fargelaus og luktfri gass som vert brukt særleg i elektriske anlegg.*

HMS

Linja deler Fornybar Norge sin visjon:

I Linja skal det vere trygt å jobbe. Alle skal kome friske og glade heim.

Leiarane, medarbeidarane og vernetenesta samarbeider tett for å sikre eit trygt og skadeførebyggjande fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Sentralt for HMS-arbeidet er synleg leiing, styrka risikovurdering, førebygging i alle ledd og å lære av hendingar. Linja skal ha ein sterk og felles sikkerheitsleikskultur.

Skadar med fråvær

Linja hadde tre skadar med fråvær i 2025, som medførte til saman 68 fråværsdagar. Vi hadde ingen skadar utan fråvær. Alle skadar blir registrerte, handsama og følgde opp for å skape læring og førebygge mot nye hendingar. I Linja jobbar vi målretta kvar dag for å unngå skadar.

Registrerte hendingar

I 2025 vart det meldt inn 625 saker som er består av avvik, forbetningsforslag og positive observasjonar. Under handsaming av sakene blir det gjort ei vurdering av alvorlegheitsgrad og skadepotensiale knytt til den enkelte hending.

Sjukefråvær

Linja hadde eit sjukefråvær på 5,1% medan målsettinga var på 3,7%. Linja arbeider systematisk med handsaming av dette fråværet gjennom individuell dialog og følgjing. Bedriftshelsetenesta og NAV si arbeidslivsteneste er sentrale ressursar i dette arbeidet.

Nøkkeltal for HMS

Nøkkeltal for HMS	2025	2024
H1*	7,0	19,6
H2*	7,0	26,1
F*	158,8	126
Registrerte skadar med og utan fråvær	3	12
Fråværsdagar som følgje av skade	68	58
Sjukefråvær totalt	5,1	4,8
Årsverk	272	286
Læringar	18	20
Personalomsetning	8,3	10,5

- H1-verdi: ulykkesfrekvens = tal skadar med fråvær/arbeidde timar totalt x 1 000 000.
- H2-verdi: skadar med fråvær + skadar utan fråvær, men med medisinsk behandling/ arbeidde timar totalt x 1 000 000.
- F-verdi: Fråværsfrekvens = tal fråværsdagar pga. skade/arbeidde timar totalt x 1 000 000.
- Personalomsetning: tal arbeidstakarar som har sagt opp/tal arbeidstakarar x 100 %.





Mangfald

I tett samarbeid med tillitsvalde arbeider vi målretta for å sikre likestilling og hindre diskriminering i Linja.

Linja arbeider målretta med å sikre likeløn i selskapet, og har eit kjønnsnøytralt system for fastsetjing og utvikling av løn. I dei fleste stillingsgrupper viser samanstillinga ein god likelønsprofil. Samtidig ser vi at lønsnivå etter fusjonar er utfordrande, uavhengig av kjønn. Etter gjennomføring av lønsharmonisering har utviklinga vore positiv.

Ved utgangen av 2025 hadde Linja 282 medarbeidarar som utførte 272 årsverk. 53 av medarbeidarane er kvinner, noko som utgjer 19 % av arbeidsstokken.

21 medarbeidarar er mellombels tilsette. 18 av desse er lærlingar, der tre er kvinner. I tillegg kjem tre mellombels tilsette, der to er kvinner.

Fire medarbeidarar arbeider deltid. Av desse er to kvinner og to menn. Det er ingen som arbeider ufrivillig deltid i Linja.

For uttak av fødselspermisjon har to kvinner i snitt tatt ut 17,35 veker, medan 17 menn i snitt har tatt ut 7,93 veker. Styret i Linja er samansett av ti personar, der femer kvinner. Leiargruppa i selskapet er samansett av ti personar, der tre er kvinner.

Linja arbeider målretta etter likestillings- og diskrimineringslovasine intensjonar, rettar og plikter. Dette betyr mellom anna at vi arbeider for å hindre diskriminering i samband med rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilpassing av arbeidsplassen for kvar enkelt medarbeidar.

NØKKELTAL FOR LIKESTILLING

	Samla tal	Menn	Kvinner	Kvinnedel
Aksjonærvalde styremedlemmar	6	3	3	50 %
Tilsettvalde styremedlemmar	4	2	2	50 %
Leiargruppa	10	7	3	30 %
Avdelings- og fagleiarar	26	22	4	15 %
Tal lærlingar	18	15	3	17 %
Fast tilsette	264	214	50	19 %



Stillingsgruppe/Typisk stilling	Tal kvinner	Tal menn	Kvinnedel	Løn kvinner *
Totalt i selskapet	53	229	19%	100%
1.0 Timeansatt	2	1	33%	115%
1.1 Reinholdar	4	0	100%	100%
1.2 Fagarbeidar, adm. medarbeidar	1	6	14%	93%
2.0 Lærlingar	3	15	17%	99%
2.1 Energimontør/kundebehandlar	9	41	18%	101%
2.2 Arbeidsleiar	2	45	4%	99%
2.3 Konsulent	6	0	100%	100%
3.1 Ingeniør, koordinator	8	43	16%	102%
3.2 Avdelingsingeniør, rådgjevar	6	27	18%	101%
3.3 Senioringeniør	3	12	20%	103%
4.0 Yngre sivilingeniør	1	1	50%	106%
4.1 Sivilingeniørar	3	8	27%	89%
4.2 Fagleiar	3	7	30%	102%
4.3 Avdelingsleiar	1	15	6%	98%
5.0 Divisjonsleiar	2	8	20%	97%

Denne tabellen syner fordelinga av kvinner og menn i dei ulike stillingsgruppene i Linja.



Kundesenter

Kundesenteret omfattar fagområda avrekning, fakturering, innfordring og kundeservice, og har elleve medarbeidarar.

Målet til kundesenteret er ein enkel og tilgjengeleg kundedialog heile døgnet, der alle kundar får lik og trygg handsaming uansett kanal.

Utvikling i 2025

Kundesenteret har hatt særleg fokus på å innføre og operasjonalisere nye forskriftskrav, utvikle digitale sjølvbeteningsløysingar og sikre meir einskapleg handsaming av alle kundar.

Norgespris - frå 1. oktober

Norgespris gjorde at vi har vidareutvikla og forbetra sentrale kundeløysingar og informasjonskanalar.

Arbeidet har hatt som mål å sikre tydeleg, forståeleg og samanhengande kommunikasjon med kundane, både i digitale flater og i den direkte dialogen.

Straumstønad

Arbeidet med straumstønaden har gjennom året vore retta mot å sikre korrekt og kvalitetssikra handsaming i tråd med gjeldande regelverk.

Vi sørge for at prosessane våre gav korrekt utbetaling av støtte, og at kundane fekk oppdatert informasjon på heimesida.

KI-chatbot - ny kanal for kundehjelp

I 2025 etablerte vi ein KI-chatboten eLin, som ein ny og viktig del av sjølvbeteningsløysinga vår. Den er trenna på alt innhald frå heimesida og kan svare på spørsmål om både straumbrot, pågåande utkoplingar og eit breitt spekter av vanlege kundetema. Chatboten handterer òg fleire språk.

Løysinga er utvikla internt med teknologiresursar i selskapet, og passar fint inn i ein breiare strategi for datadriven utvikling, automatisering og betre kundereiser.

Felles tariffstruktur

I 2025 utarbeidde Linja felles tariffstruktur med like prisar for heile nettområdet vårt, gjeldande frå 1. januar 2026. Ei harmonisering gir enklare og tydelegare kommunikasjon til kundane.

Kundeundersøking

Kundeundersøking måler kor nøgde kundane er med ulike nettselskap, og i 2025 hadde Linja ei positiv utvikling og ligg nært bransjesnittet.



Viktige hendingar i 2025

- Lansering av KI basert chatbot eLin.
- Innføring av Norgespris.
- Deltaking i kundeundersøking.
- Felles tariff- og prisstruktur.
- Signert kontrakt på nytt datavarehus og rapportsystem.

	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Nettkundar (aktive målepunkt)	107 500	104 602	102 390	73 438	72 550	66 941
Nettkundar på leveringsplikt (%)	1.7	1,9	1.6	1.5	1.6	2.2
Aktive målepunkt på gjennomfaktureringsavtale (%)	82	82	75.7	82	92	90
Energiproduksjon i regionalt distribusjonsnett (GWh)	4 830	4 244	3 825	1 883	1 430	1 697
Energiproduksjon i lokalt distribusjonsnett (GWh)	1 599	1 619	1 208	637	489	549
KILE (mill. kr)	49.3	45	37.5	28.2	21.1	22.1

**Historiske tal gjeld Mørenett AS, medan 2023 er sum fusjonerte selskap*

Andre nøkkeltal	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Leverte sluttbrukar i lokalt distribusjonsnett GWh	2 935	2 900	2 726	1 943	1 984	1 783
Tap i lokalt distribusjonsnett GWh	158	123	125	95	104	81
Tap i lokalt distribusjonsnett %	4.1	3.2	4.0	4.7	5.0	4.4

**Historiske tal gjeld Mørenett AS. Frå 2023 gjeld sum fusjonerte selskap*

Strategi og framtidsutsikter

Kundesenteret vil vidareutvikle den digitale plattformen og styrkje tenestene for sjølvbetening, slik at kundehandsaminga vert meir effektiv, treffsikker og lik for alle kundar.

Digitaliseringa gjer òg løysingane våre tilgjengelege for kundane, uavhengig av opningstid. Vi skal ta i bruk nytt rapportssystem for datadreven innsikt, slik at avgjerdsgrunnlaget vert meir presist og arbeidsprosessane meir effektive. Digitalisering skal redusere manuelt arbeid og gi raskare og meir nøyaktige svar til kundane.

I sum skal dette arbeidet bidra til ein meir moderne, effektiv og kundeorientert organisasjon, og støtte målet vårt om å styrkje kundetilfredsheita og løfte resultatene i framtida.



Divisjon

Nettutvikling

Divisjonen har ansvar for dei langsiktige planane for utvikling og utnytting av straumnettet i Linja sitt område. Divisjonen har åtte medarbeidarar.

Utvikling i 2025

Divisjonen leverte i 2025 første runde med områdestudia etter ny Forskrift om energiutredning (FoE). Områdestudiane gir oversikt over avgrensingar og utfordringar i regionalnettet vårt, og peikar ut prioriterte område for vidare utredning av nettløysningar. Studiane er offentleg tilgjengelege gjennom NVE sin portal plannett.nve.no.

I 2025 har divisjon Nettutvikling jobba med mange og komplekse tilknyttingssaker. Etterspurnaden frå større kundar er stor, og fleire står i kø. Tilknytting med vilkår er eit sentralt verkemiddel, både for å utnytte nettkapasiteten og få kundane raskare på nett.

Det er framleis kø for kapasitet i Midt- Norge, men i 2025 har det vore stor bevegelse i køa. Nokre store prosjekt har blitt trekte frå kunden si side (elektrifiseringsprosjekt i olje/gass-næringa) og andre har mista plassen i kapasitetkøa (enkelte store hydrogen- og ammoniakkprosjekt).

Vi ser ei dreining mot datasenteraktivitet i dei nye, store førespurnadane.

Divisjonen er sentral i selskapets berekraftsarbeid, og bidreg mellom anna med analyser og vurdering av tiltak for reduksjon av nettap og bruk av SF₆-gass.

Viktige hendingar i 2025

- Første runde med områdestudia etter FoE er levert. Desse er viktige for strukturering og prioritering av nettutviklingsarbeidet framover.
- Linja er klar for Tilko, ny nasjonal portal for søknader om kapasitet frå 1 MW.
- Divisjonen har løfta risikobasert nettutvikling som fagleg satsingsområde. Her vil nyare metode og digitale verktøy bidra til at vi alltid gjer rett investering til rett tid.





Divisjon

Nettforvaltning

Divisjon Nettforvaltning har ansvar for å behovsvurdere, prioritere og bestille vedlikehold av nettanlegg. Divisjonen har også ansvar for prosjektgjennomføring for fornying og nybygging av nettanlegg og tilknytning av nye kundar.

Divisjonen har 47 medarbeidarar.

Utvikling i 2025

Gjennom året vart styring av vedlikehaldsaktivitetane i distribusjonsnettlet samordna til lik organisering i heile selskapet.

Prosjektprosess er vidareført og enkelte delprosessar er forbetra. Sourcing-strategi er implementert og nyanlegg vert bygd av eksterne entreprenørar.

Samla investeringar til fornying og nybygging av nettanlegg var på MNOK 506. Dette fordelte seg med MNOK 172 på regionalt distribusjonsnett og MNOK 334 i lokalt distribusjonsnett. Av dette vart det kravd inn MNOK 125 i anleggsbidrag.

Strategi og framtidsutsikter

Etterspurnad etter nettkapasitet er framleis stor, og det er krevjande å kunne tilby ny nettkapasitet i samsvar med samfunnet si forventning.

Vidareutvikling av vedlikehaldsstrategien er viktig for å etablere ein tydeleg anleggsforvaltingsstrategi, med fokus på funksjonsevne, restlevetid og HMS/KILE-konsekvensar. Levetidsforlengande tiltak må prioriterast for å redusere investeringsbehovet.

Framover prioriterer vi digitaliseringstiltak som støttar datadreven anleggsforvaltning og automatisering av kundeprosessar. Vi planlegg nye teknologiske løysingar, som satellittovervaking og sensorikk, for å redusere behovet for manuelle inspeksjonar og vedlikehaldsaktivitetar.

Viktige hendingar i 2025

- Utviding og fornying av Giskemo transformatorstasjon vart fullført.
- Spenningsoppgradering frå 66 kV til 132 kV er i framdrift på Søre Sunnmøre og i Indre Nordfjord.
- Kapasitetsauke i regionalt distribusjonsnett i indre Sogn og til Florø by er i tidleg fase.
- I lokalt distribusjonsnett har det vore høg aktivitet knytt til fornying og kapasitetsutviding som følgje av nytilknytningar og elektrifisering.





Divisjon Utførar

Divisjon Utførar har ansvar for drift, vedlikehald og beredskap i straumnettet, og er Linja sin operative gjennomføringsdivisjon. Divisjonen omfattar óg fagområda måling og Det lokale eltilsyn (DLE) i tillegg til drift av administrasjonsbygg, og lager- og logistikkfunksjonar. Om lag 150 medarbeidarar jobbar i divisjonen.

Målet for divisjonen er å vere ein konkurransedyktig og trygg utførar av Linja sine kjerneoppgåver innan drift, vedlikehald og beredskap.

Utvikling i 2025

I 2025 har divisjonen vidareført arbeidet med å avklare kva oppgåver som skal utførast internt og kva som skal kjøpast eksternt. Dette har spissa divisjonen mot kjerneoppgåvene og gitt tydelege prioriteringar. Bemanninga er tilpassa oppdragsmengda gjennom naturleg avgang.

Divisjonen har arbeidd målretta med standardisering av prosessar, felles arbeidsmåtar og betre ressursstyring. Samlokalisering av basar er vidareført for å styrke god beredskap, redusere reise og bidra til meir berekraftig drift.

Strategi og framtidsutsikter

Auka aktivitet i nettet og vidare elektrifisering stiller høgare krav til effektiv drift og rett kompetanse. Divisjonen skal halde fram arbeidet med prosessforbetring, kompetanseutvikling og trygg gjennomføring av oppdrag, og vere ein tydeleg drifts- og vedlikehaldsorganisasjon med høgt HMS-fokus og god ressursutnytting.

Viktige hendingar i 2025

- Divisjonen har gjennom året jobba systematisk med tryggleik i felt. Særleg har arbeidet med sikker jobbanalyse (SJA) vore styrkt gjennom opplæring, rutinar og tett oppfølging i organisasjonen. Dette har gitt betre risikoforståing og auka merksemd rundt trygg gjennomføring av oppdrag.
- Integrasjon av måling, DLE og TKS (teknisk kundesenter) i divisjonen har vore ei viktig organisatorisk endring i 2025, og har styrkt den samla operative kapasiteten.





Divisjon

Kraftsystemdrift

Divisjon kraftsystemdrift har ansvar for overvaking og drift av nettet. Vi har ein døgnbemanna driftssentral i Ålesund og ein dagopen sentral på Sandane. Divisjonen har 27 medarbeidarar.

Utvikling i 2025

To om lag like store kraftnett er samla under ein driftssentral, og felles arbeidsprosessar og støttesystem er godt innarbeidde i divisjonen. Frå sommaren 2025 har vi hatt felles turnusordning i driftssentralen, og systemløysingar både for SCADA, datafangst og analyse er konsolidert.

Det er jamn høg aktivitet rundt reinvestering i kontrollanlegg og fjernstyring, både i regionalt og lokalt distribusjonsnett. Spesielt ombygging av Giskemo Transformatorstasjon har kravd mykje kapasitet gjennom året.

I 2025 utgjorde Linja sine samla KILE-kostnader MNOK 49,3. Dette er fordelt på MNOK 8,7 for planlagt vedlikehald og MNOK 40,3 knytt til feil i nettet. Gjennomsnittleg avbrotkostnad var 61,5 kr/kWh, og i snitt hadde kvar kunde 4,0 avbrot med ei utetid på totalt 220 minutt per kunde.

Strategi og framtidsutsikter

I 2026 held vi fram med å overta det operative ansvaret for drift, vedlikehald og beredskap for omklassifiserte nettanlegg, overtekne frå Statnett på Nordmøre og i Romsdal. Driftssentralen skal utviklast vidare som ein reindyrka nettsentral med effektiv og sikker handtering av fleire anlegg i eit større geografisk område.

Sentralt i dette står utvikling av betre systemstøtte for predikering og lokalisering av svakheiter og feil i nettet.

Viktige hendingar i 2025

- Driftssentralen i Ålesund si tidlegare ISO9001-sertifisering blei utvida til å gjelde heile divisjonen.



	2025	2024	2023	2022	2021
KILE (mill kr)	49	45	37.5	41.9	27.5
ILE (MWh)	797	765	625	710	515
Snitt avbrotkost (kr/kWh)	61,5	58.6	63.68	59.0	53.4
SAIFI (snitt avbrot per kunde)	4,0	3.5	4.7	3.6	3.0
SAIDI (snitt utetid per kunde) minutt	220	178	173	145	131
CAIDI (snitt utetid per avbrot) minutt	55	51	37	41	43



Divisjon Teknologi

Divisjonen har ansvar for forvaltning og utvikling av Linja si IT-plattform, innsamling og distribusjon av sensordata, datakvalitet og kommunikasjon mellom fagsystem. Divisjonen har også ansvar for informasjonssikkerheit og koordinering av FoU-aktivitetar. Divisjonen har 15 medarbeidarar.

Utvikling i 2025

Teknologidivisjonen tilsette i 2025 ein ny Fagleiar Informasjonssikkerheit, som har styrka Linja sin kapasitet og kompetanse innan dette området. I løpet av 2025 har det blitt jobba med etterleving av Digital Sikkerhetslov, heving av sikkerheitsnivå på IT-plattformen vår, og førebuing til nye NIS 2-krav som kan komme i løpet av 2026.

Linja har også fått på plass eit program for informasjonssikkerheit for kontinuerleg opplæring og testing for alle tilsette.

Året gav tre viktige milepælar i systemkonsolideringa: overgang til felles Netbas-modell, felles SCADA-løysing for driftssentralane og felles innsamlingsløysing for Kamstrup-målarar. Med dette er dei planlagde konsolideringane i fusjonsperioden fullførte.

Linja er blitt invitert til å presentere Digital Forbetring i fleire ulike fora, og vi får inntrykk av at programmet har ei tydelegare kopling mellom interne utviklingsinitiativ og eksterne FoU-initiativ enn andre nettselskap har med tilsvarende utviklingsplanar.

Viktige hendingar i 2025

- Etablert kontinuerleg måling og tryggleiksopplæring for digitale trugslar.
- Systemkonsolidering fullført.


Strategi og framtidsutsikter

Eit av dei viktigaste initiativa i 2026 er nettopp Program Digital Forbetring, som blir fasilitert av Teknologidivisjonen. I løpet av Q1 2026 deltek 50 deltakarar frå alle delar av organisasjonen i forprosjektet til dette programmet, der kartlegging,- og prioriteringsarbeidet blir gjennomført. Prioritering blir gjort etter kva tiltak som gir gevinst først, der gevinst er kvantifisert opp i mot Linja sine tre overordna selskapsmål:

Verdiskapande, Kundevenleg og Berekraftig.

Teknologidivisjonen har eit spesielt ansvar for å etablere den “Digitale Grunnmuren” i Program Digital Forbetring, der fokusområde for 2026 er å etablere rutinar og nødvendige verktøy for heilskepeleg dataforvaltning i heile Linja.

Linja kjem til å halde fram med arbeidet om å imøtekomme høgare informasjonstryggleikskrav som er venta å tre i kraft Q4 2026.





STYRET I LINJA



ERIK ESPESET

Styreleiar

Stilling: Konsernsjef i Tafjord

Utdanning: Sivilingeniør, NTH/NTNU og Master of Business Administration, Helsinki School of Economics



KNUT ARILD FLATJORD

Styremedlem

Stilling:

Konsernsjef i Sogn og Fjordane Energi AS

Utdanning: Mastergrad økonomi og leiing (MBA), Heriot-Watt University. Automasjonsingeniør, HVL.



OLAV OSVOLL

Styremedlem

Stilling: Konsernsjef Tussa

Utdanning: Byggingeniør med tilleggsutdanning innan økonomi / administrasjon og hydrologi



MAJKEN MARGRETHE SMITH

Styremedlem

Stilling: Konserndirektør drift og teknologi i Å Energi

Utdanning: Siviliøkonom, BI



HILDEGUNN NAAS-BIBOW

Styremedlem

Stilling: Dagleg leiar i Furuseth gård AS

Utdanning: Siviliøkonom, NHH og Master of Business and Administration, Harvard Business School



MAY BRIT TØMMERVIK

Styremedlem

Stilling: Tidlegare

Organisasjonssjef i Tafjord Kraft

Utdanning: Bachelor i sjukepleie, spesialisering i psykiatri, bachelor i leiing og Master of Management



TONE SUNDKLAKK

Styremedlem

Tillitsvald Tekna

Stilling: Sivilingeniør divisjon Nettutvikling i Linja

Utdanning: Sivilingeniør elkraft NTH



FRODE VERPEIDE

Styremedlem

Hovduttillitsvald El&It

Stilling: Energimontør i divisjon Utførar i Linja

Utdanning: Energimontør



AMALIE HELÉN ALVESTAD

Styremedlem

Hovduttillitsvald NITO

Stilling: Ingeniør i divisjon Utførar i Linja

Utdanning: Elkraftingeniør fra NTNU i ålesund



KJELL BAKKEBØ

Styremedlem

Tillitsvald El&It

Stilling: Energimontør i divisjon Utførar i Linja

Utdanning: Energimontør fagbrev gr A og B

LEIARGRUPPA I LINJA



HELGE ROBERT MIDTBØ
Administrerende direktør



RUNE KIPERBERG
Rådgjevar Strategi



BENTE FYLKEN
Divisjonsleiar økonomi- og selskapsstyring



ARVE HOVDENAKK
Divisjonsleiar Nettforvaltning



OLE-BENT SØREIDE
Divisjonsleiar Organisasjon



STEIN BLINDHEIM
Divisjonsleiar Kraftsystemdrift



PER JARLE PAULSEN
Divisjonsleiar Utførrar



SVEN ARILD KJERPESET
Divisjonsleiar Teknologi



ATLE ISAKSEN
Divisjonsleiar Nettutvikling



RANVEIG LEINE
HR-leiar

**STRAUM TIL DEG
KRAFT TIL DET NYE**